

JUS399 Masteroppgåve
Det juridiske fakultet

UNIVERSITETET I BERGEN



***Kva utgjer fullbyrda brotsverk etter
straffelova § 276a om korrupsjon?***

Kandidatnummer: 186524

Rettleiar: Nils Terje Dalseide

Tal ord: 14 968

03.06.2013

Innhaldsteikning

1	Introduksjon	2
1.1	Kvifor er korrupsjon eit aktuelt tema?.....	2
1.2	Kvifor er problemstillinga viktig å avklare?	3
1.3	Det internasjonale arbeidet mot korrupsjon.....	6
1.4	Bakgrunnen for nye korrupsjonsreglar	8
1.5	Legislative omsyn	11
2	Straffelova § 276a)	14
2.1	Innleiing	14
2.2	Passiv korrupsjon jf § 276a) (1) a)	14
2.2.1	Gjerningspersonen	14
2.2.2	“Krever”	15
2.2.3	“Mottar” eller “aksepterer et tilbud”	16
2.3	Aktiv korrupsjon jf. § 276a) (1) b)	18
2.3.1	Gjerningspersonen	18
2.3.2	“Gir” eller “tilbyr”	18
2.4	“I anledning stilling verv eller oppdrag”	19
2.4.1	Kva er “stilling, verv eller oppdrag”	19
2.4.2	Kan den passive part aldri vere privatperson?.....	19
2.4.3	Nærare om krava til årsakssamanhengen	24
2.5	Kva utgjer ein “utilbørleg fordel”	28
2.5.1	Ordlyden «fordel»	28
2.5.2	Ordlyden “utilbørleg”	28
2.5.3	Fordelen sin art og verdi.....	29
2.5.4	Partane si stilling og posisjon	32
2.5.5	Føremålet bak fordelene	33
2.5.6	Andre moment	38
3	Skuldkrav	43
4	Krenkjer straffelova § 276a) EMK artikkel 7 eller legalitetsprinsippet?	45
5	Konklusjonar	50
6	Kjelderegister	52

1 Introduksjon

1.1 Kvifor er korrupsjon eit aktuelt tema?

Transparency International si årlege «Corruption Perception Index» er korrupsjonsmålinga med størst kjennskap internasjonalt. I denne har Noreg gjennom heile 2000-talet vorte rangert blant topp 15 av landa i verda der det skjer minst korrupsjon i offentleg sektor.¹ Mykje av årsaken til rangeringa er vårt fungerande demokrati og styresett. Dette gjev ein indikasjon på at korrupsjon er lite aktuelt i Noreg.

Til tross for ei plassering blant såkalla «least corrupt states», har rettssystemet i Noreg handsama over 30 korrupsjonssaker sidan dei nye korrupsjonsreglane vart sett i kraft i 2003. Ein merksam del av desse sakene er tilknytta offentleg sektor. I tillegg har det vore avdekka fleire store korrupsjonssaker dei siste åra der korrupsjonen har vore verksam over lang tid utan reaksjonar.² Dette tydar på ein aksept rundt korrupsjon og at dette tvert om er eit høgaktuelt problem i Noreg.

I Økokrim si trugselvurdering for 2013-2014 er det konkludert med at korrupsjon utgjør ein svært høg risiko for samfunnet og borgarane i Noreg.³ Vurderinga har mellom anna bakgrunn i liten oppdagingsrisiko og oversikt over kriminaliteten, og at norske aktørar i stort mon opererer innanfor sektorar som er særleg korrupsjonsutsette. Dette gjeld særleg olje- og gassindustrien, kraftindustrien, offentleg sektor og bistandssektoren. Økokrim-sjef Trond Eirik Schea uttaler om trugselvurderinga at «vi har ingen indikatorer på at det blir mindre korrupsjon enn det har vært tidligere, og det er bekymringsfullt».⁴

I Næringslivets Sikkerhetsråd si årlege KRISINO-undersøking ligg prosentvis kjennskap til korrupsjon i eiga bransje mellom heile 8-10 % i åra 2008 til 2011.⁵ I Price

¹ Renå (2012) s.34

² Sjå særleg Vatnverksaka (LE-2008-46619) og Siemenssaka (TOSLO-2008-171401)

³ [http://www.okokrim.no/www/okokrim/resource.nsf/files/www93sfde-trusselvurdering_2013-20141/\\$FILE/trusselvurdering_2013-20141.pdf](http://www.okokrim.no/www/okokrim/resource.nsf/files/www93sfde-trusselvurdering_2013-20141/$FILE/trusselvurdering_2013-20141.pdf)

⁴ <http://www.dn.no/forsiden/naringsliv/article2539370.ece>.

⁵ <http://www.nsr-org.no/getfile.php/Dokumenter/NSR%20publikasjoner/Krisino/KRISINO%20til%20nedlasting.pdf> s.10

Waterhouse Coopers sin «global economic crime survey» frå 2011⁶ rapporterte 16 % av dei deltakande norske verksemdene at dei hadde vore utsett for korrupsjon siste året. Resultatet frå 2009 viste så mykje som 21 %. Ikkje minst avdekka Ernst & Young i si nylege korrupsjonsundersøking «Global Fraud Survey» at tilsette har vorte sanksjonert for brot på interne retningslinjer om anti-korrupsjon i heile 48 % av deltakande norske selskap.⁷ Samla sett er dette svært negative resultat.

Undersøkingane tilseier at korrupsjon framleis er eit pågåande problem i Noreg. Media har dessutan nyleg sett fokus på styringsorganisering og rolleblandingar. Kommune-Noreg er særleg framheva som ein sektor utan tilfredsstillande revisjon og kontroll.⁸ Kontrollproblemet aukar ved at talet kommunale aksjeselskap har eksplodert, og dei folkevalte ofte har dårleg oversikt over kva selskap kommunen eig.⁹ Sannsynet for utfordringar i høve korrupsjon styrkjast av kombinasjonen mellom låg kontroll, auka konkurranse om offentlege kontrakter,¹⁰ og at kommunane forvaltar enorme verdier gjennom selskapa. Der det er store pengar, er det nemleg også stor risiko for korrupsjon.¹¹ Rike Noreg er såleis særleg korrupsjonsutsett.

1.2 Kvifor er problemstillinga viktig å avklare?

Korrupsjon er ei form for økonomisk kriminalitet. Økonomisk kriminalitet kan definerast som «profittmotiverte, lovstridige handlingar som ofte skjer innanfor eller med utspring i ei økonomisk verksemd som i seg sjølv er – eller gir seg ut for å vere – lovleg».¹² I same kategori ligg mellom anna bedrageri og underslag, økonomisk utroskap, innsidehandel, brot på revisjonsreglar, skatte- og avgiftsunndraging og brot på konkurranselovgjevinga. Det er dei alvorlege samfunnsmessige skadeverknadane som i første rekke skil korrupsjon frå dei andre formuebrottsverka.¹³ Skadeverknadane omtalast i punkt 1.5.

⁶ http://www.e-magin.se/v5/viewer/files/viewer_s.aspx?gKey=50c79vz7&gInitPage=1

⁷ [http://www.ey.com/Publication/vwLUAssets/Norway_Global_Fraud_Survey_2012/\\$FILE/Norway%2012th%20Global%20Fraud%20Survey%202012.pdf](http://www.ey.com/Publication/vwLUAssets/Norway_Global_Fraud_Survey_2012/$FILE/Norway%2012th%20Global%20Fraud%20Survey%202012.pdf)

⁸ Sjå mellom anna <http://www.nrk.no/nyheter/norge/1.10859837>

⁹ Gedde-Dahl, Hafstad, Magnussen (2008) s.164-165

¹⁰ <http://www.frifagbevegelse.no/arbeidslivet/article6430575.ece>

¹¹ Gedde-Dahl, Hafstad, Magnussen (2008) s.87

¹² <http://www.okokrim.no/definisjon-okonomisk-kriminalitet>

¹³ Rt-2008-1473 (Undervisningsbygg), avsnitt 34, Rt-2012-243 (Prosjektleder i undervisningsbygg), avsnitt 26

Transparency International Norge, heretter TIN, definerer korrupsjon som «misbruk av makt i betrodde stillinger til privat fordel». Dette presenterast som ein vid definisjon av omgrepet. Dette fordi definisjonen ikkje berre omfattar bestikkingar og såkalla smørjing, men også underslag og favorisering.¹⁴ Det er denne definisjonen som nyttast av allmennheita i daglegtalet.

Dette inneberer at vi til dagleg også nyttar korrupsjonsomgrepet på andre brotsverk som underslag og utroskap. I tillegg syner det å vere ei oppfatning om at favorisering eller nepotisme og anna u-etisk åtferd normalt fell utanfor det snevrare strafferettslege omgrepet. Eksempelvis uttalar TIN at «ifølge den norske straffeloven handler korrupsjon grovt sagt om smøring og bestikkelse».¹⁵

Straffelova sanksjonerer tre former for korrupsjon; passiv korrupsjon jf. § 276a) første ledd, bokstav a), aktiv korrupsjon jf. § 276a), første ledd bokstav b), og såkalla påverknadshandel jf. § 276c). Omgrepet korrupsjon er i straffelova knytta til det å krevje, motta eller akseptere eit tilbod, eller gje eller tilby «en utilbørlig fordel i anledning av stilling, verv eller oppdrag». Strafferegelen rammar korrupsjon både i offentleg og privat sektor. Korrupsjon i utlandet utøvd av norske statsborgarar eller nokon i Norge heimehøyrande person omfattast også.

Omgrepet «utilbørlig fordel» er svært vidt, og rettskjeldene inneheld til dels utydeleg rettleiing om grensa for fullbyrda brotsverk. Mykje av årsaka til dette er nok at reglane om korrupsjon er høvesvis nye og at rettspraksis stort sett omhandlar klare tilfelle av korrupsjon. Faktum er at korrupsjon er eit svært komplekst tema som kan oppstå i ulike former og situasjonar. Bestikkingar er den enkle forma for korrupsjon. Her er fordelene ofte avtalt slik at mottakaren dømesvis får eit pengebeløp mot at givaren til gjengjeld får ei kontrakt eller konsesjon. Kompleksiteten aukar ved «smørjing», der fordelane først balanserast over tid eller utan at tilbydaren mottar tilbakeyting.

Dei uklåre grensene er uheldige for dei som skal praktisere reglane. Det lettast ikkje situasjonen om vi i daglegtalet nyttar omgrepet korrupsjon på moralske brot og straffbare høve som underslag, utroskap. I tillegg nyttar bøker og lovforarbeida

¹⁴ Renå, (2012) s.33

¹⁵ Renå (2012) s.33, tilsvarande Kvalnes og Iyer (PØF nr.4 2011) s.36.

hovudsakeleg uttrykket «bestikkelse» om korrupsjonshandlingane, noko som kan skape inntrykk av at korrupsjonsreglane berre gjeld bestikkingar.

Ein rettskraftig dom for korrupsjon har svært alvorlege konsekvensar. Dette gjeld både personleg for domfelte og for føretaket mottakaren eller tilbydaren er tilsett. Sempel korrupsjon jf. strl. § 276a) har ei strafferamme på 3 år. Grov korrupsjon jf. § 276b) straffast med intill heile 10 år. Føretaket kan i tillegg idømmast føretaksstraff jf. strl. §§ 48a) og b), og arbeidsgjevar kan verte erstatningsansvarleg jf. skadeerstatningslova § 1-6. Korrupsjon fører vidare naturleg til store omdømmetap. Sentralt er at føretak som hovudregel vert utstengt frå offentlege anbod.¹⁶

Ei slik høg inngripen på legalitetsprinsippet sitt område gjer det særleg viktig å klarleggje den strafferettslege grensa for korrupsjon av omsyn til rettsvisse.

Avhandlinga har ikkje som føremål å oppmode føretak eller andre til å «leve på kanten» av lova. Det ligg ingen verneverdig interesse i å skulle operere i denne typen regel si randsoner.¹⁷ Større rettsvisse gjev derimot breiare kunnskap om kva handlingar ein skal halde god avstand ifrå. Auka klarleik kan dessutan redusere overtolking, og såleis hindre at sunn konkurranse vert ramma av reglane.

Denne masteroppgåva vil difor søkje å klarleggje nærare kva som utgjer strafferettsleg korrupsjon. Avhandlinga vil fokusere på innhaldet i dei objektive vilkåra for straff i § 276a) om simpel korrupsjon. Det subjektive skuldspørsmålet vert såleis i liten grad handsama. Grensa mellom § 276a) og § 276b) om grov korrupsjon vil også med dette haldast utanfor avhandlinga. Det same gjeld spørsmål ved straffeutmålinga. Medverknad og forsøk vil heller ikkje verte framstilt. Problematiseringa vil særleg vere retta mot anbodskonkurransar og andre innkjøpssituasjonar, som risikoområde for korrupsjon.

Påverknadshandel i strl. § 276c) vert ikkje særskilt omtala i avhandlinga. Forskjellen til § 276a) er at mottakaren etter § 276c) skal søke å påverke utøvinga av stillinga, vervet eller oppdraget til ein tredjeperson. Der påverknadsagenten mottar ein utilbørleg fordel i anledning *si eiga* stilling, verv eller oppdrag, for å til dømes påverke andre i eigen organisasjon, subsumerast forholdet under § 276a). Forutan årsakssamanhengen, har innhaldet i make vilkår i § 276a) relevans i tolkinga av § 276c).

¹⁶ Jf. Forskrift om offentlige anskaffelser § 11-10 (1) e)

¹⁷ Prp.78 s.35

Eg vil til slutt i avhandlinga ta stilling til om utforminga av strl. § 276a) tilstrekkeleg varetar rettsvissa til borgarane, ut frå krava i EMK artikkel 7 eller legalitetsprinsippet. Eg vil også vurdere normativt om straffebodet burde utformast meir presist.

1.3 Det internasjonale arbeidet mot korrupsjon

Korrupsjon er ikkje eit nytt verdsfenomen, men har opphav heilt tilbake til handelen byrja å utstrekke seg.¹⁸ I dag er korrupsjon sett som ein av dei grovare brotsverka i straffelova, men det er ikkje lenge sidan haldningane var annleis.

Frankrike innførte mellom anna lovleg bestikking av offentlege tenestemenn i 1977. Noreg og andre europeiske land innførte tilsvarande lovgjeving. Heilt fram til 1996 kunne norske tenestemenn få frådrag i skatt for utgifter til bestikkingar av offentlege og private tenestemenn ved handel i utlandet.¹⁹ Norske myndigheiter finansierte såleis i realiteten delar av bestikkinga.

Amerikanarane viste eit anna standpunkt enn europearane og kriminaliserte selskap si bruk av bestikkingar i utlandet i «Foreign Corrupt Practices Act» (FCPA) av 1977. Amerikanarane søkte å påverke europearane til å innføre tilsvarande regelverk. Dette var ei særleg årsak til auka merksemd på skadeverknadar av korrupsjon.²⁰

Merksemda byrja å gje resultat internasjonalt på slutten av 1990-talet. OECD²¹ utvikla OECD konvensjon av 1997 mot bestikking. Konvensjonen liknar FCPA ved at den forbyr aktiv bestikking av utanlandske offentlege tenestemenn i samband med handel og investeringar i andre land.²² Konvensjonen kriminaliserer berre reine bestikkingar, og ikkje «smørjing». Noreg ratifiserte konvensjonen i 1998, og er årsaka til andre ledd i strl. § 128.²³

Europarådet sin strafferettslige konvensjon mot korrupsjon av 1999, heretter «europarådskonvensjonen», vart ratifisert av Noreg i 2004. Konvensjonen forpliktar statane til å samordne kriminaliseringa av korrupsjon og forbetre det internasjonale

¹⁸ Joly (2004)

¹⁹ Skatteloven (18. august 1911 nr.8) § 44

²⁰ Søreide (PØF nr.4.2011) s.26

²¹ Organisasjonen for økonomisk samarbeid og utvikling

²² NOU 2002:22 s.13

²³ Prp.78 s.7

strafferettslege korrupsjonssamarbeidet.²⁴ Konvensjonen omfattar i motsetnad til OECD konvensjonen både privat og offentleg korrupsjon. I tillegg omfattast både aktiv og passiv korrupsjon.

Europarådet sin sivilrettslege konvensjon mot korrupsjon av 1999 forpliktar partane til å etablere effektive rettsmiddel for personar som har lidd skade som følge av korrupsjon.²⁵ Noreg ratifiserte konvensjonen 13.desember 2007. Konvensjonen medførte ein ny erstatningsregel i skadeerstatningsloven § 1-6, og styrka vernet ovanfor varslarar ved enkelte endringar i arbeidsmiljøloven.²⁶

FN konvensjonen mot korrupsjon (UNCAC) vart iverksatt i 2005. Konvensjonen vart sett på som ein milepæl i kampen mot korrupsjon,²⁷ og har status som den første globale konvensjonen mot korrupsjon. Konvensjonen har vore viktig for å standardisere definisjonar av korrupsjonsrelaterte utfordringar og fremje internasjonalt etterforskningsarbeid.²⁸ Avtalen har heile 140 signaturstatar og 165 statspartar.²⁹ Konvensjonen vart underteikna av Noreg i 2005, og ratifisert i 2006.

Stortinget har tidleg uttrykt at Noreg skal vere eit føregangsland i kampen mot korrupsjon.³⁰ Noreg har underteikna alle konvensjonane straks dei er vedtekne, og følgd opp sine forpliktingar. Noreg vart medlem av GRECO³¹ i 2001. Noreg har også medverka i forhandlingane internasjonalt.³²

Lovgjevinga på området vert stadig strengare og meir omfattande på verdsbasis. Storbritannia si nye korrupsjonslov «UK Bribery Act» (2010) er vidfemnande og nyskapande ved at den straffeleggjer både offentlege og private verksemder for manglande intern førebygging av korrupsjon.³³ Lova gjeld føretak som har tilstrekkeleg grad av verksemd i Storbritannia, deriblant norske selskap. Noreg har ikkje tilsvarende rettslege krav, sjølv om det forventast at føretaka har interne retningslinjer mot

²⁴ NOU 2002:22 s.15

²⁵ Ot.prp.nr.84 (2005-2006) s.11

²⁶ Innst.S.nr.41 (2007-2008) s. 1

²⁷ <http://www.fn.no/Aktuelt/Nyheter/Nyhetsarkiv/OEkonomi-og-handel/Til-kamp-mot-korrupsjon>

²⁸ Søreide (PØF nr.4.2011) s.27

²⁹ <http://www.unodc.org/unodc/en/treaties/CAC/signatories.html>

³⁰ Innst.O.nr.105 (2002-2003) s.3

³¹ «Grupper av Stater mot Korrupsjon», overvakingsorganet til Europarådet sine konvensjonar mot korrupsjon.

³² http://www.regjeringen.no/nb/dep/jd/dok/rapporter_planer/rapporter/2005/sluttrapport-fra-joly-prosjektet.html?id=106398

³³ Kvamme (PØF nr.4.2011) s.14

korrupsjon.³⁴ Det har også vorte utvikla større vern rundt varslarar. USA sin Dodd-Frank Act (2010) gjev til dømes varslarar lemping av bøtestraff opp mot 30 prosent.³⁵

USA sin FCPA er framleis sentral internasjonalt, og utfører auka aggressiv handheving også ovanfor utanlandske selskap.³⁶ Statoil fekk kjenne dette på kroppen gjennom Horton-saka frå 2004. Saka avdekka at Statoil dreiv påverknadshandel i Iran for å få tildelt kontraktar innan olje- og gassektoren. Statoil er børsnotert i USA og difor underlagt amerikansk verdipapirlovgjeving. Amerikanske myndigheiter ila Statoil heile 140 millionar kroner for brot på FCPA, med frådrag for førelegget frå Økokrim.

Auka internasjonal lovgjeving mot korrupsjon betyr at norske føretak vil møte tilsvarande lovgjeving i andre land dei opererer i. Dette bidreg til meir likeverdige konkurransevilkår i internasjonalt næringsliv. Til tross for stor internasjonal vilje til å kriminalisere korrupsjon, varierer likevel grada av handheving sterkt mellom landa.

1.4 Bakgrunnen for nye korrupsjonsreglar

Før Noreg i 2003 innførte korrupsjonsreglane i straffelova § 276 a), b) og c) var berre bestikking av offentlege tenestemenn uttrykkeleg straffesanksjonert. Offentlege tenestemenn som passivt mottok bestikking, vart straffa etter tidlegare strl. §§ 112 og 113. Den aktive bestikkaren som tilbød fordelane, vart straffa etter strl. § 128.

Straffelova hadde ingen regel som eksplisitt straffesanksjonerte korrupsjon i privat sektor, men forholdet vart ofte subsumert under reglane i strl. §§ 275-276 om utroskap.³⁷ Den tidlegare strl. § 405 b) og marknadsføringslova § 6 jf. § 17 kunne også nyttast på korrupsjon i næringsforhold, men vart i praksis ikkje nytta grunna låge strafferammer.³⁸ Regelsituasjonen var eit resultat av minimal merksemd rundt skadeverknadane av korrupsjon i privat sektor.

OECD fann i 1999 at Noreg ikkje oppfylte kravet i artikkel 3 om «effective, proportionate and dissuasive penalty» fordi strafferamma etter strl. § 128 var avgrensa til 1 år. OECD

³⁴ St.mld.nr.10 (2008-2009) s.33

³⁵ Ellingsen og Rocher (PØF nr.4.2011) s.23

³⁶ Ellingsen og Rocher (PØF nr.4.2011) s.22.

³⁷ NOU 2002:22 s.9

³⁸ NOU 2002:22 s.32

hevda også at foreldingsfristen på to år i strl. § 128 truleg ikkje samsvarer med konvensjonen artikkel 6 fordi påtalemyndigheita skal ha tilstrekkeleg tid til å etterforske korrupsjonshandlingar.³⁹

Straffelovrådet fekk i år 2000 oppdrag om å utgreie nødvendige tilpassingar i straffelova før ratifisering Europarådet sin strafferettslege konvensjon, samt vurdere om straffeloven var samsvar med krav i OECD konvensjonen.

Straffelovrådet fann at Noreg ville imøtekomme krava til OECD dersom strafferamma vart auka med intill 3 år for simpel korrupsjon og 10 år for grov korrupsjon. Foreldingsfrista ville då liggje på høvesvis 5 og 10 år.

I høve europarådskonvensjonen måtte det utførast omfattande endringar i straffelova. Sentralt var at konvensjonen sin artikkel 7 og 8 gjorde det naudsynt å innføre ein strafferegel retta mot korrupsjon i privat verksemd.

Når det gjeld offentleg sektor, hevda dessutan departementet at strl. § 128 og tidlegare § 113 streid mot europarådskonvensjonen artikkel 2 og 3. Bakgrunnen var at dei norske reglane kravde hensikt om at den offentlege tenestemannen skulle handle «urettmessig» og «plikstridig». Dette fordi ein utilbørleg fordel etter konvensjonen skal vere straffbar uavhengig av om tenestemannen handla innanfor ramma av regelverket, og sjølv om tenestemannen ville handla tilsvarende uavhengig av den utilbørlege fordelten.⁴⁰

Den norske regelen kriminaliserer også fleire korrumperte handlingar enn konvensjonane krev. Sentralt er at Europarådskonvensjonen gjennomgåande har vilkår om at fordelten er tilbydd mv. «for at [mottakaren] skal handle eller unnlate å handle under utøvelse av sine funksjoner». Dei nye norske reglane inneheld ikkje slike vilkår om hensikt om påverknad etter ordlyden. Det er no stadfesta i rettspraksis at det heller ikkje ligg føre eit ulovfesta vilkår om slik hensikt.⁴¹ Regelen er difor i utgangspunktet markant meir omfattande enn konvensjonen og tidlegare lovgjeving.

Europarådskonvensjonen sitt vilkår om hensikt om framtidig påverknad inneberer også at det ikkje er straffbart å motta ein fordel etter at handlinga er utført, med mindre

³⁹ NOU 2002:22 s. 13 og Prp.78 s.7

⁴⁰ Prp.78 s.20

⁴¹ Jf. Rt-2009-130 (Fesil)

tilbod, løfte eller aksept om dette låg føre på førehand.⁴² Den norske regelen skil ikkje slik mellom tidspunkta den utilbørlege fordelten vart gitt. Dette er både grunna bevisomsyn, og for å klargjere at reine tilfelle av «smørjing» også omfattast.⁴³ I motsetnad til konvensjonen treng fordelten etter norsk rett med dette ikkje å knyte seg til ein konkret fordel.

Europarådskonvensjonen opnar vidare for å avgrense dei straffbare handlingane i privat sektor til der korrupsjon har vorte utført «under utøvelse av næringsvirksomhet», og under vilkår om at den passive bestikkar har påteke seg å opptre pliktstridig. Departementet fastsette bevisst ikkje slike avgrensande vilkår, fordi korrupsjonshandlingar i privat verksemd kan vere like straffverdige og utgjere eit like stort problem som i offentleg sektor.⁴⁴

Det er ikkje berre internasjonale forpliktingar som låg til grunn for endringar i korrupsjonslovgjevinga. Eit hovudpoeng var at dei gjeldande reglane ikkje fanga opp alle straffverdige korrupsjonshandlingar.

Særleg gjaldt dette bruken av utroskapsreglane i strl. §§ 275 og 276 på korrupsjon i privat sektor, fordi utroskap ikkje kan idømmast der den passive bestikkar trudde at disposisjonen var til fordel også for sin arbeids- eller oppdragsgjevar.⁴⁵ Dette vil særleg utelate korrupsjon i anbodskonkurransar der det kan hevdast å vere i arbeidsgjevaren sine interesser å skaffe verksemda konkurransemessige fortrinn.

Vidare reiste dei gjeldande reglane vanskelege tolkingsspørsmål.⁴⁶ Strafferammene for korrump åtferd hadde også tildels store skilnadar som var vanskeleg å grunngje.⁴⁷ Til dømes risikerte ein 3 til 6 år fengsel ved aktiv eller passiv korrupsjon i privat sektor, jf. §§ 275 og 276. Det syner då ikkje proporsjonalt at aktiv korrupsjon i offentleg sektor hadde 1 år som øvre strafferamme jf. § 128. Passiv korrupsjon i same tilfelle vart straffa høvesvis med 6 månadar og 5 år fengsel jf. §§ 112 og 113. Reglane var dessutan spreidde i straffelova.

⁴² NOU 2002:22 s.16

⁴³ Prp.78 s.34

⁴⁴ Prp.78 s.33

⁴⁵ Prp.78 s.33 og NOU 2002:22 s.27

⁴⁶ Prp.78 s.32 jf. NOU 2002:22 s. 32-34 punkt 5.3

⁴⁷ Prp. 78 s.32 og Innst.O.nr.105 (2002-2003) punkt 5.

Ved vedtakinga av dei nye korrupsjonsreglane i strl. § 276a), 276b) og 276c) fekk Noreg innført ei av dei strengaste korrupsjonslovgjevingane i verda. Ved innføringa vart §§ 112, 113, 114, 287, 373nr.1, 405b) oppløyst. Delar av § 128 er også delvis endra slik at regelen ikkje skal nyttast ved sida av dei nye korrupsjonsreglane. Den som forsøker å påverke ei tenestehandling ved trugslar, vil derimot framleis kunne straffast etter § 128.⁴⁸

GRECO konkluderte som forventa i 2009 med at Noreg tilfredsstillir konvensjonane sine krav til kriminalisering og elles har gode reglar og godt institusjonelt rammeverk.⁴⁹

1.5 Legislative omsyn

Departementet slutta seg til straffelovrådet si utgreiing for kva omsyn ein alminneleg strafferegel mot korrupsjon burde ivareta.⁵⁰ NOU 2002: 22 vert såleis hovudkjelda for kva omsyn som ligg til grunn for korrupsjonsreglane.

For å hindre upartiskheit og verne integritet i offentlege organ, er avgjerdsgrunnlaga regulert gjennom forvaltningslova sine reglar om habilitet og andre reglar om sakelegheit. Når det vert motteke fordelar, er det fare for utanforliggjande påverknad som igjen kan føre til uriktig tenesteutøving. Forbodet mot korrupsjon er såleis blant reglane som skal sikre sakeleg myndigheitsutøving.

Forarbeida framhev at «under enhver omstendighet vil mottagelse av bestikkelser bli oppfattet av allmennheten dit hen at uriktige tjenestehandlinger finner sted». Tilliten til offentlig verksemd er difor «et vesentlig hensyn» bak reglane, fordi denne tilliten er ein føresetnad for eit stabilt demokrati.⁵¹

Det stillast ikkje same krav til sakelegheit ved privat verksemd. Private aktørar er til dømes unnateke anbudsreglane i lov om offentlege anskaffingar. Likevel vil korrupsjon også her ha store skadeverknader. Det klassiske eksempelet er leverandørar som bestikkar eller smørjar oppdragsgjevarar for lettare å verte tildelt kontrakt. Der ein

⁴⁸ Prp.78 s.53

⁴⁹ Mld.st.7 (2010-2011) s.60

⁵⁰ Prp.78 s.32

⁵¹ NOU 2002:22 s.30

konkurrent tapar kontrakt grunna korrupsjon, kan korrupsjonen medføre store økonomisk tap for konkurrenten og andre tredjemenn som kunne profittert på denne.

Rein tillit til private aktørar er også viktig. Eksempelvis vil kunnskap om mottak av utilbørlege fordelar i same bransje vil kunne spreie oppfatning om at oppdragstildeling ikkje skjer på grunnlag av pris, kvalitet og service. Dette kan medføre svekkja insentiv for aktørane til å skape auka utvikling og effektivitet som kan senke produksjonskostnader. Dette er samfunnsøkonomisk uheldig.

Svekkja tillit kan dessutan ende i slik redsel for å miste kontraktar grunna korruperte konkurrentar og oppdragsgjevarar, at ein sjølv tyr til slike metodar for skaffe oppdrag. Resultatet er auka aksept for korrupsjon. Auka kostnader til kundepleie er dessutan transaksjonskostnader som elles kunne vore nytta til effektivitetstiltak.

Desse skadeverknadane og ringverknadane er sentrale når forarbeida visar til at korrupsjonsregelen skal verne om «den frie konkurransen og til fremme av et velfungerende marked» fordi «korrupsjon virker konkurransevridende og er illojal ovenfor andre næringsdrivende og forbrukerne».⁵²

Ei anna side av omsynet til fri konkurranse er at reglane ikkje bør vere så strenge at dei hindrar sunne forretningsforbindingar. Arrangement som forretningsmåltid, reiser og liknande nyttast som ledd i generell marknadsføring og som middel til å utvikle tillit i forretningssamarbeidet. Ved dette kan partane lettare forstå kvarandre sine behov og problemområder, og såleis styrkje kvaliteten på produkta eller tenestane.

Forarbeida framhev også «hensynet til vern om eigedom og foretak» som grunngeving for korrupsjonsreglane. Bakgrunnen er at føretak ofte vil lide stor skade av tilsette si korruperte verksemd. Føretaket kan for det første idømmast føretaksstraff og såleis påførast eit direkte økonomisk tap grunna korrupsjonen. Føretaket vil også truleg tape oppdrag fordi kundar og leverandørar ikkje vil assosiere seg med korrupert verksemd. Offentlege oppdragsgjevarar er som nemnd pålagt som hovudregel å avvise føretak som er rettskraftig dømt for korrupsjon.⁵³

⁵² NOU 2002:22 s.30

⁵³ Jf. FOR-2006-04-07-402, § 11-10 (1) e)

Det føregåande omsynet heng saman med lojalitetsomsynet som grunngeving bak korrupsjonsreglane.⁵⁴ Frå arbeidsgjevar sitt synspunkt, vil korrumpert åtferd blant tilsette stort sett opplevast som illojal åtferd, grunna skadeverknadane nemnd ovanfor. Vernet i korrupsjonsreglane er eit viktig tillegg til lojalitetsplikta for offentlege tenestemenn i tenestemannslova § 20, og fastsette reglar om lojalitet i arbeidsavtalar.

Forarbeida uttalar at eit omsyn bak kriminalisering av korrupsjon er å hindre økonomisk kriminalitet generelt. Bakgrunnen er at korrumperande handlingar ofte er grobotn for større og meir alvorlege korrumperte handlingar. I tillegg vil andre former for kriminalitet som reknskapsmanipulering, underslag, dokumentfalsk og utroskap ofte følgje korrupsjon. Dette omtalast gjerne som «the slippery slope». Ein kan også lett verte fanga av korrumperte miljø fordi det ytast press til ytterlegare kriminell verksemd gjennom trugslar om avsløring.

⁵⁴ NOU 2002:22 s.30

2 Straffelova § 276a)

2.1 Innleiing

Etter Straffelova § 276 a) rammast passiv korrupsjon av første ledd bokstav a), og aktiv korrupsjon av første ledd bokstav b). Felles for aktiv og passiv korrupsjon er vilkåra om «utilbørlig fordel i anledning av stilling, verv eller oppdrag». Dei tre tilsetjingsalternativa vil heretter kunne forkortast til «tilsetjingsforholdet». Eg vil først klarlegge kva som ligg i vilkåra for høvesvis aktiv og passiv korrupsjon, før eg tek stilling til innhaldet av fellesvilkåra.

2.2 Passiv korrupsjon jf § 276a) (1) a)

2.2.1 Gjerningspersonen

Subjektet for passiv korrupsjon er «den som» for seg eller andre krev, mottar eller aksepterer eit tilbod om ein utilbørlig fordel i anledning av stilling, verv eller oppdrag jf. § 276 a) (1)a). Ordlyden «den som» er generell og skulle i utgangspunktet omfatte både juridiske og fysiske personar.

Sett i samanheng med at handlingane i følge avhandlinga punkt 2.4.2 må skje «i anledning» av *den passive parten* si stilling, verv eller oppdrag, må subjektet for passiv korrupsjon inneha eit tilsetjingsforhold. Juridiske personar kan såleis ikkje opptre som den passive part.

Dette medfører at regelen stort sett ikkje rammar tilfellet der til dømes eit selskap eller politisk parti mottar ei gåve. Dette kan stille seg annleis om fordelten vert gjeve for å påverke tilsette eller tillitsmenn i partiet eller selskapet i samband med ei konkret sak.⁵⁵ Då kan fordelten tolkast å vere tilbydd i anledning desse fysiske personane sitt tilsetjingshøve, eventuelt i anledning påverknadsagentar innan same organisasjon. Mottakaren av sjølve fordelten treng nemleg ikkje vere den passive parten, jf. ordlyden

⁵⁵ Stordrange (2007) s.105

«for seg eller andre». Subjektet *for den utilbørlege fordel* kan såleis vere ein annan juridisk eller fysisk person, som eit selskap eller familiemedlem.

2.2.2 “Krever”

Alternativet er tiltenkt situasjonen der den passive parten medvite søker å presse til seg fordelar gjennom utnytting av sitt tilsetjingsforhold.⁵⁶ Isolert tilseier ordlyden «krever» ein uttrykkeleg og eksplisitt førespurnad. Det avgjerande vil likevel vere «[...]om handlingen, tolket i lys av omstendighetene, er egnet til å gi adressaten inntrykk av at den passive bestikker ønsker å oppnå noe, i form av en utilbørlig fordel for seg eller andre».⁵⁷ Forarbeida presiserer med dette ei vidare tolking. Ordlyden omfattar såleis også meir indirekte førespurnader, gjennom til dømes overlevering av faktura.

Ordlyden «krever» rettleier ikkje om kravet må ha vore oppfatta av mottakaren for fullbyrda brotsverk, eller om det er tilstrekkeleg at kravet er sendt eller komen fram til mottakar.⁵⁸ Spørsmålet er hovudsakeleg av teoretisk interesse, idet krava oftast vert framsett munnleg.

Departementet tek standpunktet at kravet er fullbyrda først der dette er komen til adressaten sin kunnskap.⁵⁹ Det tilsvarande uttrykket «fordrer» i strl. §§ 111 og 405,⁶⁰ samt uttrykket «kræver» i opphevede strl. §§ 112 og 405 b) vart anvendt slik.

Rettstekniske omsyn vart difor framheva i departementet si grunngjeving.

Straffelovrådet hevdar fullbyrda brotsverk ligg føre allereie når kravet vert sendt,⁶¹ men grunngjev ikkje sitt standpunkt. Thrap-Meyer er av same oppfatning som straffelovrådet.⁶² Han viser til at omsynet til eventuell lojalitet ovanfor arbeidsgjevar og tilliten frå allmennheita allereie gjer seg gjeldande på sendingstidspunktet. Legislative omsyn vektar med dette for at sendingstidspunktet skal vere avgjerande.

Departementet gjev likevel uttrykk for at dei legislative omsyna vert tilstrekkeleg ivaretekne gjennom forsøksreglane i strl. § 49. Dessutan vil tilbaketrekking frå forsøk jf.

⁵⁶ Prp.78 s.56

⁵⁷ Prp.78 s.56

⁵⁸ Annleis Stordrange (2007) s.94

⁵⁹ Prp.78 s.56

⁶⁰ Kjerschow (1930) s.326,921

⁶¹ NOU 2002:22 s.38

⁶² Thrap-Meyer (2001) s.396

strl. § 50 med dette få praktisk tyding. At departementet her tek eit klart standpunkt for lovgjevarvilja må vere svært tungtvegande, særleg i lys av at fråsegna ligg nærast lovvedtaket.

Kunnskapsalternativet samsvarer ikkje med avtalereglane. Eit «krav» vil etter avtalerettslege reglar vere eit påbod, som normalt er bindande når det kjem fram til adressaten, uavhengig av adressaten sin kunnskap.⁶³ Dette er grunngjeve i at adressaten ikkje skal kunne velje å halde seg uviten om kravet og såleis halde seg ubunden av det.⁶⁴ Eit krav om ein utilbørleg fordel etter strl. § 276a) vil derimot ikkje binde mottakar eller givar fordi ein slik avtale er «imod Loven» jf. NL-5-1-2.⁶⁵ Ein kan ikkje gå til retten og få fullbyrda sitt krav om ein utilbørleg fordel. Det avtalerettslege fullbyrdingstidspunktet for avtaleinngåinga har såleis ikkje direkte overføringsverdi grunna omsyna bak reglane. Ei annan sak er at avtalereglane nyttast ved spørsmål om ugyldigheit der ein ulovleg korrupsjonsavtale allereie er inngått.

Konklusjonen vert at tidspunktet for fullbyrda brotsverk § 276a) for den som «krever» ein utilbørleg fordel ligg føre når kravet er komen til mottakaren sin kunnskap.

2.2.3 “Mottar” eller “aksepterer et tilbud”

Alternativet «mottar» har praktisk tyding der det på førehand ikkje kan påvisast eit krav eller eit akseptert tilbud om ein utilbørleg fordel.

Ordlyden «mottar» tilseier at fordelen må takast fysisk i hende. Forarbeida seier at vilkåret normalt er oppfylt idet fordelen er «kommet til mottakerens besittelse», dvs. eigedom. Forarbeida visar til tilsvarande uttrykk i strl. §§ 112, 117, 405 og 405b) i tvilstilfelle.⁶⁶ Ved same uttrykk i § 317 om heleri, føreset eigedom eit varig og sjølvstendig rådvelde over tingen.⁶⁷ Alternativet er såleis oppfylt om eit pengebeløp er overført til bankkonto, sjølv pengane ikkje er fysisk i hende. Der mottakaren ikkje kan disponere sjølvstendig over fordelen, er det heller ikkje nok å ha tingen fysisk i hende.

⁶³ Hov (1998) s.98

⁶⁴ Giertsen 2006) s.53

⁶⁵ Giertsen (2006) s.184

⁶⁶ Prp.78 s.57

⁶⁷ Jf. Rt-1987-1543

Ein gjer eksempelvis eit ærend for eigaren av ein bil ved å køyre bilen frå A til B. Her er ikkje eigedommen overført.

Teorien gjev uttrykk for at det i tillegg til faktisk rådvelde må krevjast at mottakaren aksepterer fordelten stillteiane eller uttrykkeleg.⁶⁸ At omsynet til uriktig tenesteutøving og lojalitetsomsynet ikkje gjer seg gjeldande før mottakaren har teke avgjerda om å tileigne seg fordelten, støttar dette. Tillitsomsynet gjer seg likevel gjeldande frå og med mottaket av fordelten. Samstundes kan regelen lett verte vilkårleg utan eit vilkår om tileigning. Regelen kan då til dømes ramme tilfellet der ein veit at ein har motteke ei kasse med eksklusiv whisky frå ein leverandør på kontoret, men at planen er å rapportere dette til politiet.

Forarbeida syner å støtte eit slikt tilleggsvilkår. Departementet uttalar at mottakaren «bør innvilges noe tid» før fullbyrda overtreding i tilfella der «det ut fra omstendighetene er grunn til å tro at mottakeren hadde til hensikt å overlevere eller opplyse om bestikkelsen til sin arbeidsgiver».⁶⁹ Tilsvarende tilleggsvilkår er tilførd mottaksalternativet i strl. § 317 om heleri.

For å oppfylle vilkåret «mottar», må mottakaren etter dette stillteiane eller uttrykkeleg akseptere eigedomsoverføringa av fordelten. Dette er tilfellet der ein eksempelvis drikk av whiskyflaskene i eksempelet ovanfor.

Når det gjeld alternativet «aksepterer et tilbud», har dette sjølvstendig betyding der den passive part først «mottar» den utilbørlege fordelten noko fram i tid.

Det må som hovudregel krevjast at aksepten er komen fram til den andre parten. Aksept kan også skje ved passivitet eller konkludent åtferd.⁷⁰ Fullbyrdinga svarar såleis til dei avtalerettslege reglane om aksept. Som ved alternativet «krever», bør det vere avgjerande om åtferda er eigna til å verte oppfatta av adressaten som ein aksept. Eit godkjennande nikk eller handtrykk kan vere tilstrekkeleg etter tilhøva.

⁶⁸ Thrap-Mayer (2001) s.369, tilsvarende Stordrange (2007) s.93

⁶⁹ Prp.78 s.57

⁷⁰ Prp.78 s.57

2.3 Aktiv korrupsjon jf. § 276a) (1) b)

2.3.1 Gjerningspersonen

Subjektet for aktiv korrupsjon er «den som» gir eller tilbyr nokon ein utilbørleg fordel i anledning av stilling, verv eller oppdrag jf. § 276 a), første ledd bokstav b. I følgje avhandlinga punkt 2.4.2 må fordelten verte gitt verte gitt eller tilbydd «i anledning» *mottakaren* si stilling, verv eller oppdrag. Fordelen treng såleis ikkje knytte seg til den aktive parten sitt tilsetjingsforhold. Subjektet for aktiv korrupsjon er såleis både juridiske og fysiske personar.

For eksempel kan ein privatperson verte straffa for å tilby ein offentleg tenestemann eit stort pengebeløp mot å få byggjetillating. Eit anna døme er der ein bedriftskunde gjev seljaren del i rabatten ved kjøp av ei gruppe vare som yting for rabatten.

2.3.2 “Gir” eller “tilbyr”

Alternativet «gir» jf. strl. § 276a) (1) b) er fullbyrda idet den passive part – alternativt ein tredjeperson eller anna rettssubjekt – «mottar» fordelten jf. § 276 a) (1) a).⁷¹ Såleis er sjølve fullbyrdinga av ei stilleiande eller uttrykkeleg avtale om ein «utilbørleg fordel» straffesanksjonert.

Den aktive parten fullbyrdar også korrupsjonsregelen dersom han «tilbyr» nokon ein utilbørleg fordel etter første ledd bokstav b. Forarbeida seier at fullbyrda brotsverk ligg føre når tilbodet om den utilbørlege fordelten kjem fram til adressaten sin kunnskap.⁷² Dette samsvarer med avtalereglane.

Forarbeida er tause om krava til sjølve tilbodet. Av omsyn til einskapleg rettsbruk bør krava samsvare med alternativa ovanfor. Det avgjerande må difor vere om handlinga etter omstenda er egna til stilleiande eller uttrykkeleg å gje mottakaren inntrykk av at handlinga er eit tilbod.

⁷¹ Prp.78 s.57

⁷² Prp.78 s.57

Regelen set ikkje opp vilkår om at mottakaren aksepterer fordelene, og rammar såleis reine forsøkshandlingar. Dette er eit naturleg val av lovgjevar ettersom særleg tilliten til tilbydar anten han er i offentleg eller privat verksemd vert svekkja ved slike tilbod.

2.4 “I anledning stilling verv eller oppdrag”

2.4.1 Kva er “stilling, verv eller oppdrag”

Paragraf § 276 a) inneheld eit fellesvilkår i høve passiv og aktiv korrupsjon om at den utilbørlege fordelene må ha vorte krevd, motteke, gjeve mv. «i anledning av stilling, verv eller oppdrag».

Ordlyden «stilling, verv eller oppdrag» er vid. Forarbeida presiserer at omgrepa skal omfatte alle typar tilsetjing, verv eller oppdragsforhold for offentlege og private arbeids- og oppdragsgjevarar.⁷³ Det visast til forarbeida si vidare utførlege utgreiing av innhaldet av omgrepa i Prp.78 s.53-54.

2.4.2 Kan den passive part aldri vere privatperson?

Ordlyden «utilbørlig fordel i anledning av stilling verv eller oppdrag» viser til eit krav om årsakssamanheng mellom den utilbørlege fordelene og tilsetjingsforholdet. Ordlyden er likevel taus om *kven* sitt tilsetjingsforhold fordelene må ha årsakssamanheng med.

Isolert opnar § 276a) (1) a) og b) med dette for at fordelene *aleine* må ha årsakssamanheng *anten* med den passive eller den aktive parten sitt tilsetjingsforhold. Det opnar vidare for at fordelene *alternativt* kan knyte seg til den aktive eller passive parten sitt tilsetjingsforhold og like fullt at fordelene *må* tilknytast *begge partar* sitt tilsetjingsforhold. Ordlyden opnar såleis for fire tolkingsalternativ.

Det er openbart ut frå føresetnader i forarbeida og omsyna bak regelen at fordelene ikkje *aleine må* knyte seg til *den aktive parten* si stilling, verv eller oppdrag. Utan denne opninga ville klart straffverdige tilfelle som når ein privatperson bestikkar ein offentleg tilsett felle utanfor aktiv korrupsjon. Europarådskonvensjonen art 2 og 3 samanlikna

⁷³ Prp.78 s.53-54

med artikkel 7 og 8 tilseier dessutan ein plikt til å straffesanksjonere aktiv korrupsjon frå privatpersonar der mottakaren er offentleg tenestemann.

Når den aktive parten med dette kan vere privatperson, avskjerast også tolkingsalternativet om at fordelen *både må* knyte seg til den aktive og den passive parten sitt tilsetjingsforhold.

Spørsmålet vert difor om fordelen *aleine* må knytast til den passive mottakar sitt tilsetjingsforhold, eller om fordelen *alternativt kan* knytast til den aktive parten sitt tilsetjingsforhold.

Straffelovrådet sitt forslag byggjer på at den utilbørlege fordelen *aleine må* ha samanheng med den *passive parten* sitt tilsetjingsforhold.⁷⁴ Departementet seier at «forslaget rammer bare fordeler som tilbys, kreves eller mottas «i anledning av» den passive bestikkers stilling verv, eller oppdrag».⁷⁵ Departementet presiserer også seinare at «fordeler som den passive bestikker tilbys, krever eller mottar som privatperson, har ikke sammenheng med vedkommendes stilling, verv eller oppdrag og faller utenfor bestemmelsens virkeområde».⁷⁶ Justiskomiteen konstaterer departementet og straffelovrådet sine standpunkt, og seier at «ingen av høringsinstansene har gått imot en slik avgrensing».⁷⁷

Lovgjevar gjev såleis uttrykk for eit klart og eintydig standpunkt til tolkingsalternativet som er meint nytta. Omsynet til lojalitet ovanfor lovgjevar og rettsvisse ovanfor rettsbrukarane, gjev standpunktet stor vekt som rettskjeldefaktor i tolkinga av regelen. Vekta svekkjast noko av at standpunktet ikkje er grunngjeve uttrykkeleg, og heller ikkje har fått eit klart uttrykk i lovteksten.

Standpunktet frå forarbeida er ukritisk lagt til grunn i teorien.⁷⁸ Vekta avgrensast også her av at tolkingsalternativa ikkje er diskutert.

Ved ein slik rettsregel som forarbeida tilseier, vil tilfellet der den aktive part bryt regelverk og misbrukar sitt tilsetjingshøve til å gje utilbørlege fordelar til *privatpersonar*,

⁷⁴ NOU 2002:22 s.38-40, spesielt s.40, 3.spalte.

⁷⁵ Prp.78 s. 54

⁷⁶ Prp.78 s. 54

⁷⁷ Innst.O.nr.105,punkt 5.3

⁷⁸ Andenæs (2008) s. 421, og Stordrange (2007) s.80

felle utanfor verkeområdet til straffelova § 276a). Dette fordi fordelene i desse tilfella aleine knyt seg til den aktive parten sitt tilsetjingshøve ved at stillinga gjer fordelsytinga mogleg. Eit eksempel er sjølv handlinga der ein offentlig tenestemann ulovleg gjev ein ven konsesjon til å byggje i standsona. Føresetnaden er at fordelene ikkje har årsakssamanheng med mottakaren sitt tilsetjingshøve jf. punkt 2.4.3 i avhandlinga.

Ein slik rettsregel vil også utelate fordelar gitt til *juridiske personar* der fordelene ikkje kan seiast å ha tilknytning til enkeltpersonar sine tilsetjingshøve i organisasjonen. Dette kan gjelde tilfellet der ein offentlig tenestemann bryt regelverket for offentlege anskaffingar og tildelar eit føretak oppdraget direkte. Den aktive parten kan her ha handla ut frå reine eigeninteresser – som at sakshandsamingsprosessen vert forenkla. Fordelene treng såleis ikkje å ha vore gjevne i anledning nokon i mottakarselskapet sitt tilsetjingsforhold. Han treng heller ikkje å ha vorte smurt eller bestukke av den passive parten i førekant eller etterkant av fordelene.

Der den aktive parten i anledning sitt eige tilsetjingsforhold har mottatt ein utilbørleg fordel i forkant eller i etterkant av å gi ein fordel til nokon, viser rettspraksis at tiltalen er konsentrert om førstnemnte forhold.

Som eit av mange døme vart ein psykiater og ein psykolog i Likningsfunksjonærdommen⁷⁹ dømt for passiv korrupsjon etter å ha utstett falske helseerklæringar til kriminelle mot betaling. Psykiateren og psykologen vart ikkje tiltalt for aktiv korrupsjon for sjølv utstettinga av dei falske erklæringane til dei kriminelle, men konsentrerte tiltalen rundt mottakinga av bestikkinga. Dette gjev ei viss støtte til at sjølv handlinga å gi ein ulovleg fordel til ein privatperson ikkje vert omfatta. Argumentet vert likevel sterkt svekkja av at dette kan vere grunna i eit ønske om å avgrense tiltala av praktiske årsaker.

I «tappesaker» har sjølv godkjenninga av fiktive faktura vorte subsumert under utroskap eller bedrageri.⁸⁰ Dette tilseier i større grad enn likningsfunksjonærdommen at tilfellet vert sett som eit anna straffbart forhold.

⁷⁹ LB-2008-28434

⁸⁰ Sjø avhandlinga punkt 2.5.5.1

Rettspraksis har også som teorien stort sett lagt til grunn forarbeida sitt standpunkt om at fordelene må ha tilknytning til mottakaren sitt tilsetjingshøve. I ein sak har det likevel vorte straffa for aktiv korrupsjon der mottakar var privatperson. Dette er Au-Pair dommen⁸¹ avsagt av Sør-Trøndelag Tingrett i 2008. Her vart ein politibetjent dømt for brot på § 276 a) (1) b) for å ha innvilga ein søknad om opphaldstillating for si filippinske svigerinne slik at ho kunne jobbe som au-pair i Norge. Tingretten var ikkje i tvil om at politimannen ga svigerinna ein utilbørleg fordel, og at politimannen kunne dømmast for aktiv korrupsjon. Avgjerda samsvarer ikkje med forarbeida si uttale om at mottakaren ikkje kan vere privatperson.

Tingretten diskuterer ikkje forarbeida sine fråsegn, noko som tilseier at tingretten har oversett problemstillinga. Tingrettsavgjerder er heller ikkje prejudikat og har difor avgrensa rettskjeldevekt. Når standpunktet ikkje er grunngeve har det endå lågare argumentasjonsverdi.

Likevel er det relevant at tingretten tek ei så klar avgjerd som kan antyde ei gjeldande rettsoppfatning. Dommen syner heller ikkje å ha vore kritisert. Det er difor relevant å vurdere om dei legislative omsyna bak regelen tilseier at den utilbørlege fordelene alternativt aleine kan knytast til den aktive parten.

Det legislative tillitsomsynet til riktige avgjerder i det offentlege svekkast der ein offentleg tilsett misbrukar sin stilling til ulovleg å tildele godar, uavhengig av om mottakaren kan påverkast i si stilling eller ikkje.

Tillitsomsynet gjer seg her også gjeldande i privat sektor. Ein mistar til dømes tillit til private avgjerdsprosessar der ein distributør ulovleg gjev eller tilbyr ein produsent bedriftshemmelegheiter som tilhøyrrer ein konkurrerande produsent. Sameleis der ein forskjellshandsamar ein handelspartner i strid med konkurranselova § 10 eller 11.

Omsynet til lojalitet ovanfor arbeidsgjevar gjer seg også gjeldande, i lys av at regelbrot skadar omdømmet til det private og det offentlege.

Slike regelbrot kan også mogleg skape eit inntrykk av at den aktive part har vorte påverka i førekant til å yte fordelene. Regelbrot er såleis i stand til å uttrykke auka aksept av tilbod og mottak av utilbørlege fordelar. Dette kan igjen skape incentiv til å tilby

⁸¹ TSTRO-2008-38700

utilbørlege fordelar til offentlege og private for å få fordelar tilbake. Fordelar som berre har tilknytning til den aktive parten kan difor også skape ringverknader i form av svekka konkurranse, som er ei av dei vidare samfunnsinteressene lova skal verne.

Desse ringverknadane på konkurransen er derimot langt mindre nærliggjande enn der fordelten er gitt i anledning mottakaren sitt tilsetjingsforhold. Årsaka er at ein ikkje i same grad kan anta at det ligg føre utanforliggende påverknad i førekant av ytinga av fordelten. Med sakshøvet i Au-pair saka som døme, vil ein ikkje kunne slutte i same grad at politimannen har vorte påverka til å gi opphaldstillatinga enn der han i førekant hadde opptredd som passiv mottakar av eit utilbørleg pengebeløp frå Au-pairen. Dette tilseier at omsynet til konkurranse ikkje gjer seg langt nær gjeldande der fordelten aleine gjevast i anledning den aktive parten sitt tilsetjingsforhold.

Forarbeida legg dessutan tydeleg stor vekt på at reglane skal hindre at mottakaren vert påverka i sitt tilsetjingsforhold.⁸² Høgsterett seier også i Fesildommen at «...det er påvirkningselementet i alle dens former en ønsker å ramme ved straffereglane for aktiv korrupsjon».⁸³ I tilfella fordelten aleine knytast til den aktive parten si stilling er dette påverknadselementet fråverande.

Etter dette gjer ikkje dei same legislative omsyna seg gjeldande der fordelten berre knyt seg til den aktive parten sitt tilsetjingshøve. Dette må tale sterkt for forarbeida si løysing om at fordelten aleine skal knyte seg til mottakar sitt tilsetjingshøve.

Det er også relevant å sjå kva tolkingsalternativ som er mest formålsteneleg og rimeleg som tolkingsresultat.

Dersom fordelten alternativt kan knyte seg til den aktive parten sitt tilsetjingforhold, vil årsakssamanhengen vere oppfylt så lenge tilsetjingsforholdet til den aktive parten mogleggjer ytinga til mottakaren. Dette gjev ein svært vid regel. Då måtte bruksområdet avgrensast stort sett gjennom vilkåret «utilbørleg fordel».

Der fordelten ikkje er knytta til mottakar sitt tilsetjingsforhold, vert imidlertid utilbørlegvurderinga problematisk fordi påverknadsmomentet i høve mottakar si stilling er totalt fråverande. Moment som i kva grad fordelten var meint å påverke

⁸² Sjå særleg NOU 2002:22 s.30, også Prp.78 s.34, tredje avsnitt, siste setning.

⁸³ Rt-2009-130, avsnitt 36

mottakaren ved ytinga, om ytinga er gitt i ein forhandlingssituasjon, eller fordelten var tilpassa mottakaren sine interesser, vert då irrelevante.

Sett til denne situasjonen, vil det klart ikkje vere kritikkverdig å gi lovlege fordelar, sjølv om dei er uetiske eller kan kjennast urettferdige. Ei privat bedrift kan til dømes lovleg tilgodesjå ein leverandør med direkte anskaffing sjølv om ein annan leverandør har betre pris, kvalitet og service på papiret.⁸⁴ Spørsmålet vil difor verte konsentrert om kva typar regelbrot i samband med fordelsytingar som er straffverdige.

Dette inneber svært vanskelege grensedragingar. I lys av manglande rettleiing i førearbeida, vil tolkingsalternativet medføre store tolkingstvil. Dette vil også truleg vere i strid med prinsippet om klar lovheimel på legalitetsprinsippet sitt område.

Rettstekniske omsyn må difor tale sterkt mot bruk av dette tolkingsalternativet.

Etter dette gjer ikkje dei same legislative omsyna bak regelen seg gjeldande ved tolkingsalternativet om at fordelten *alternativt* kan gjevast i anledning den aktive parten si stilling. Klåre forarbeid, rettspraksis og sterke reelle omsyn går i same retning. Samla må dette gå føre avgjerda i Au-pair dommen.

Konklusjonen er difor at den utilbørlege fordelten *aleine må* ha årsakssamanheng med den passive parten sitt tilsetjingsforhold.

Konklusjonen inneberer at Au-pair dommen etter mi meining har feilaktig har subsumert forholdet som korrupsjon. Straffa vart likevel avgrensa til avskjed ovanfor den offentlege tenestemannen. Under saka vart forholdet også omsubsumert frå strl. § 325 (1) nr.1 om grov uforstand i tenesten, som også har avskjed som sanksjonsgrunnlag. Konsekvensane av subsumsjonsfeilen er difor mindre inngripande enn om fengselsstraff hadde vore tilkjent.

2.4.3 Nærare om krava til årsakssamanhengen

Som nemnd inneber ordlyden «i anledning av stilling, verv eller oppdrag» krav om årsakssamanheng mellom den utilbørlege fordelten og tilsetjingsforholdet til mottakaren.

⁸⁴ Fordi private bedrifter hovudsakeleg ikkje er bunden av lov om offentlege anskaffingar jf. offanskl.§2

Det er ikkje eit årsakskrav i ordlyden om at fordelten må knytast opp mot ei bestemt handling eller unnlating på den passive mottakar si side,⁸⁵ eller til ei til hensikt om å få ein fordel tilbake frå mottakaren.⁸⁶ Ein treng såleis ikkje å faktisk ha påverka utføringa av tilsetjingshøvet til mottakaren eller hatt ei hensikt om dette.⁸⁷ Kva handlingar som er utført, vil derimot ha betyding for straffeutmålinga.⁸⁸

Forarbeida gjev noko vidare rettleiing på innhaldet i årsakskravet. Om vilkåret seier departementet at fordelten «normalt vil framstå som en motytelse for noe den passive bestikker skal gjøre eller unnlate å gjøre i forbindelse med utføringen av stillingen».⁸⁹ Årsakssamanhengen vil såleis klart ligge føre der føremålet bak fordelten er å påverke mottakaren i tilsetjingsforholdet.

Forarbeida er tause om krava til årsakssamanhengen der slikt påverknadsmotiv ikkje er beviseleg. Eg meiner tillitsomsynet tilseier at det avgjerande i slike tilfelle bør vere om det objektivt framstår for omverda som nærliggjande at mottakar påverkast i sitt tilsetjingshøve ved fordelten.

Dette vil vere i samsvar med årsakskravet i Tenestemannslova § 20 som forbyr at offentlege tenestemenn mottar fordelar som er «egnet til, eller av giveren ment, å påvirke hans tjenestlige handlinger». Sjølv om dette er ein sivilrettsleg regel som er antatt strengare enn strl. § 276a) i lys av inngrepsgrad, er det ei tett tilknytning mellom reglane. Dette særleg grunna uttala i forarbeida til § 276a) om at «dersom en gave bryter med tjenestemannsloven § 20, må det som oftest legges til grunn at den også kan gi grunnlag for straff etter § 276a)».⁹⁰

Forarbeida støttar såleis at det kan vere tilstrekkeleg etter fullbyrda brotsverk etter strl. § 276a) at fordelten er «egnet til» å påverke mottakaren som i tjml. § 20. Dette inneberer ei objektiv vurdering av om det er samanheng mellom fordelten og tilsetjingsforholdet. Sjølv om regelen gjeld offentlig myndigheit der tillitsomsynet står sterkare, gjer

⁸⁵ Sjå punkt 1.4 om at regelen ikkje er tilført eit hensiktstillegg om å handle pliktstridig.

⁸⁶ Det har tidlegare vore diskutert om regelen faktisk inneheld eit årsakskrav om hensikt om gjengjelding, men det må seiast å ligge føre ei fast etablert oppfatning om at regelen ikkje inneheld ei slik avgrensing, sjå særleg Fesil-dommen (Rt-2009-130)

⁸⁷ Prp.78 s.34

⁸⁸ NOU 2002:22 s.40, 5.avsnitt

⁸⁹ Prp.78 s.54

⁹⁰ Prp.78 s.56

tillitsomsynet seg også gjeldande i privat verksemd. Eg leggjer etter dette til grunn at årsakskravet er objektivt. Dette inneber at partane sitt subjektive syn på om fordelten vil påverke mottakaren i sitt tilsetjingshøve ikkje er avgjerande.

I rettspraksis er den rettslege problemstillinga om årsakskravet formulert til om den utilbørlege fordelten hadde vore gjeven uavhengig av stillinga, vervet eller oppdraget til mottakaren.

Årsakskravet er i praksis særleg sett på spissen der den aktive og passive part har eit venskapsforhold, slik at fordelten sannsynleg kunne vore gitt uavhengig av tilsetjingshøvet.

Klarast er årsakssamanhengen der mottakar og avgjevar har avtalt gjensidige fordelar gjennom tilsetjingsforholdet. Eit eksempel er Fesilddommen som gjaldt avtale mellom ein eigar av Z AS og styreleiar av Y AS om «tapping»⁹¹ av Y AS med fiktive faktura.

Styreleiaren i Y AS fekk del i utbytte i form av ei hestevogn. Lagmannsretten⁹² uttalte at «selv om kontakten mellom A og B om finansiering av hestevognen kom som en følge av at de to kjente hverandre, var det fra første stund klart at det ikke var som privatpersoner de opptrådte».

I Namsmann-saka⁹³ hadde ein polititenestemann i Namsmyndigheita mottatt til saman 55 000 frå ein ven for å engasjere seg i venen si namssak. Politimannen hevda at han ikkje mottok fordelten «i anledning hans stilling», men som eit oppdrag på fritida som ein «bi-jobb». Høgsterett såg at politimannen sitt arbeid for kjenningen utvilsamt var utført «i anledning» stillinga til politimannen fordi oppdraget hadde hatt «direkte samanheng med hans kompetanse og arbeidsoppgaver» som namsfullmektig.⁹⁴

Høgsterett kan ikkje med dette meine å omfatte svart arbeid eller rein bruk av kunnskap frå utdanning eller arbeid. Fordelen vil då ikkje ha tilknytning til sjølve *tilsetjingsforholdet*. Avgjerande må difor vere at Høgsterett vektlegg at politimannen ikkje berre arbeidde med saka på fritida, men også innanfor arbeidstid, og hadde «håndtert [kjenningen sine] saker ved lensmannskontoret».

⁹¹ Sjå forklaring i punkt 2.5.5

⁹² LH-2007-158006

⁹³ Rt-2011-1495

⁹⁴ Sjå dommen avsnitt 27

I Siemenssaka⁹⁵ mottok forsvarstilsette golfreise til Spania, spandert av leverandøren Siemens. Forsvararane hevda at årsakskravet ikkje var oppfylt fordi det var tale om ein tur av privat karakter; deltakarane skulle spele golf og elles ha det hyggeleg i sosialt samvær med venner. Retten diskuterte ikkje venskapen, men peikte på at enkelte av deltakarane ikkje hadde påverknadsmakt ovanfor forsvaret sitt innkjøp. Årsakskravet var likevel oppfylt fordi formålet med turen var at Siemens skulle byggje nettverk og erverve kunnskap om forsvaret. Ein påverknadsmoglegheit i form av informasjonsutveksling kan såleis vere tilstrekkeleg for årsakssamanheng.

I Rådmann-saka⁹⁶ hadde ein rådmann mellom anna fått låne ein bustad i Tyrkia av ein restauranteigar i kommunen. Tingretten konkluderte med at utlånet ikkje synte å vere knytt til A som tenestemann. Dette var grunna i at rådmannen aldri hadde vore innblanda i nokon av sakene mellom restauranteigaren og kommunen. Vidare var forklaringa til restauranteigaren om motivet for utlånet var truverdig - å vise rådmannen at Tyrkia, som Hellas, var eit fint ferieland. Tingretten syner å blande vurderinga inn i utilbørlegvurderinga. Likevel illustrerer saka at påverknad kan framstå som så lite sannsynleg etter omstenda at årsakssamanhengen ikkje er oppfylt. Det er såleis noko terskel før fordelen er eigna til påverknad.

Rettspraksis viser at sannsynet for påverknad og motivet om påverknad er sentralt i vurderinga av årsakssamanhengen. Andre omstende som at ein opptrer i fritid eller arbeidstid kan vere relevant etter tilhøva. Om ein innkjøper til dømes får ei bursdagsgåve av ein nær ven på fritida ville truleg gåva vorte gitt uavhengig av tilsetjingshøvet til mottakaren. NHO rådar likevel til å styre unna mottak av gåver i ein innkjøps- anbuds- eller forhandlingssituasjon i sin rettleiar.⁹⁷

⁹⁵ TOSLO-2008-171401

⁹⁶ TRANA-2012-65267

⁹⁷ NHO (2006) s.5

2.5 Kva utgjer ein “utilbørleg fordel”

2.5.1 Ordlyden «fordel»

Ordlyden «fordel» tilseier noko mottakaren kan dra nytte av, og krev ikkje uttrykkeleg at fordelene må ha økonomisk verdi. Ordlyden er taus om omgrepet skal tolkast subjektivt eller objektivt.

Forarbeida seier at «alt den passive bestikker ser seg tjent med eller kan dra nytte av» er ein fordel i lova si forstand.⁹⁸ Forarbeida legg med dette til grunn eit objektivt fordelsomgrep. Det er såleis irrelevant om mottakaren subjektivt synest ytinga ikkje er ein fordel. Mottak av golftur kan til dømes ikkje verte straffefriande fordi mottakaren syntes golf var keisamt.

Forarbeida eksemplifiserer fordelar med mellom anna mottak av tildelt plass i barnehage, lukka klubb eller seksuelle tenestar og innsideopplysingar. Dette stadfester også at fordelene ikkje treng å ha økonomisk verdi. Dette er fulgt opp av Høgsterett i Namsmannssaka,⁹⁹ der også sparte kostnader vart sett som ein «fordel». Vidare vart mottak av lån sett som ein fordel i Store Norske saka.¹⁰⁰

2.5.2 Ordlyden “utilbørleg”

Ordlyden «utilbørleg» peikar på eit større uforsvarleg forhold. Forarbeida stillar opp ein høg terskel ved at det må liggje føre eit «klart klanderverdig forhold» for straffbar korrupsjon.¹⁰¹ Det vert framheva vidare at terskelen ikkje må leggjast så høgt at regelen ikkje fangar opp handlingar som tidlegare gjekk under strl. §§ 112, 113, 114, 405 b) eller mfl. § 6.¹⁰²

Kva fordelar som er klart kritikkverdige må avgjerast ved ei konkret vurdering.

Ordlyden «utilbørleg fordel» viser til ein rettsleg standard som vil utvikle seg i takt med samfunnet si oppfatning av kva som utgjer eit klart kritikkverdig forhold. Forarbeida har

⁹⁸ Prp.78 s.54

⁹⁹ Rt-2011-1495

¹⁰⁰ TNHER-2011-148107

¹⁰¹ Prp.78 s.55

¹⁰² Prp.78 s.56

utfyllande stilt opp sentrale moment i heilskapsvurderinga i Prp.78 s.55 og 56, samt NOU 2002:22 s. 39. Tilvisinga til «forarbeida» vidare i punkt 2.5 referer til desse.

Nettopp fordi tilfella er individuelle, vert det umogleg å stadfeste notida si oppfatning av alle fordelar som er klart kritikkverdige. Avhandlinga fokuserer difor på å klarlegge kva moment som er relevante og vekta av dei i heilskapsvurderinga.

2.5.3 Fordelen sin art og verdi

Der fordelan har ein økonomisk verdi, utgjer dette eit naturleg utgangspunkt for utilbørlegvurderinga jf. forarbeida og rettspraksis.

Når det gjeld verdirekninga er det i rettspraksis teke utgangspunkt i omsetnadsverdien eller attføringsverdien for mottakaren, og ikkje kva gjevaren har ytt ved fordelan.¹⁰³ Gjevaren kan ofte ha nytt godt av rabatterte innkjøp og skattefrådrag for utgifta, slik at verdien reelt sett er langt høgare. Eit føretak får eksempelvis 10 gratisbilletter til ein konsert til verdi av 1500 kr og gir desse vidare til sine kundar. Fordelen sin verdi kan naturleg nok ikkje setjast til 0 kr, men 1500 kr som den minste pris mottakaren elles måtte ha gitt for tilsvarande billett.

Det kjem av forarbeida at mindre verdifulle gåver og andre fordelar «som det vil stride mot den alminnelige rettsbevissthet å kriminalisere» ikkje er utilbørlege. Det skal først vurderast kva verdi som av denne årsaka openbart ikkje er utilbørleg.

Forarbeida nemner fordelar som er «naturleg uttrykk» for anerkjenning av utført arbeid som utanfor det kritikkverdige. Straffelovrådet reknar blomebukettar, kalendrar og mindre leilegheitsgåver som godkjente fordelar. Eksempla i forarbeida tydar at fordelar med verdi av nokre få hundre kroner unngår kritikk, *så lenge fordelan er sedvanleg*. Mellom anna vil ei slik gåve gitt av advokaten til dommar før avsagt dom i ei sak normalt vere utilbørleg, i motsetnad der gåva vert gjeve i etterkant. Dette stillar seg annleis der gåva er gjeven i ei spesiell anledning, som dommaren sin 60 års-dag jf. proposisjonen.

Verdien kan med dette ikkje vurderast isolert til tross for at den er merkbart låg, men sjåast i høve omstenda. Rådmann-saka¹⁰⁴ frå 2012 er illustrerande. Her vart ei gåve til

¹⁰³ Sjå mellom anna tingretten i Ullevål-saka (TOSLO-2005-134006), TRANA-2012-65267 (Rådmann-saka)

¹⁰⁴ TRANA-2012-65267

ein rådmann i form av utlån av feriehus i Tyrkia rekna til 162,50 kroner og vart samanlikna med ei rimeleg vinflaske. Retten fann det likevel riktig å foreta ei breiare vurdering av om andre moment tilsa utilbørlegheit, særleg føremålet. Dette var truleg fordi ein ikkje såg utlånet av feriehuset som ei sedvanleg gåve. Dessutan skal det mindre til å overstige det klart kritikkverdige der mottakaren er offentleg tenestemann, jf. punkt 2.5.4.

Totalt ubetydelege verdiar må det likevel stride mot den alminnelege rettsbevisstheita å gjere straffbart. Aftenposten si kveldsutgåve 17.juli 2001 inneheldt til dømes ein artikkel med tittelen «Lokkemat gir beskyttelse» om kritikk til at politiet mellom anna fekk rabattar for pølser, Cola og kaffi på alle «7-Eleven» kioskane i Oslo. Dette fordi kundar og tilsette kjente seg tryggare med politi i butikkane. Sjølv om dette kan sjåast kritikkverdig, er det vanskeleg straffverdig.

Enkelte vil nok hevde at også fordelar i sedvanlege anledningar av låg verdi eller med ubetydelege verdiar er klart kritikkverdige. Strengt teke kan alle fordelar vere i stand til å svekkje tillit til objektive og sakelege avgjerder. Samstundes er det viktig at korrupsjonsreglane ikkje hindrar marknadsføring og normal folkeskikk, som vert akseptert av folk flest.

Det kan med dette ikkje setjast ein klar nedre verdi for det klart kritikkverdige, idet fordelan må vurderast i høve omstenda. Likevel visar rettspraksis og forarbeid at det skal meir til for utilbørlegheit der verdien er låg eller fordelan er sedvanleg.

Motsett vil fordelar med svært høge verdiar medføre stor risiko for at mottakaren vert påverka i sin stilling. Slike høge verdiar svekkjer dermed tilliten til både det offentlege og private i ei slik grad at det aleine bør kunne overgå terskelen for det klart kritikkverdige. I næringslivet vil høge utgifter til kundepleie dessutan i seg sjølv vere uheldig for konkurransen. Dette fordi auka transaksjonskostnadar kan medføre mindre kostnadsbruk på konkurranseretta tiltak som kvalitet, utvikling, og pris.

I Screen-communications saka¹⁰⁵ uttalte lagmannsretten at flatskjermane med verdi på omkring 40.000 som vart tilbydd kunden «hadde en såpass høy verdi at det ikke er noen tvil om at det har vært utilbørlig å framsette tilbudene», og at tilbudene «ville vært

¹⁰⁵ LF-2010-14205, post 5

utilbørlig selv om verdien hadde vært langt lavere». I Rus- og psykiatrieining-saka¹⁰⁶ var eit mottak av gåve til verdi av 25 000 sett «langt utanfor rammene» av kva ein offentleg tenestemann kunne motta.

I andre saker trekk beløpet isolert i retning av utilbørlegheit, men som eit moment i heilskapsvurderinga. I Plan- og bygningsetat-saka¹⁰⁷ var 12 000 kr ikkje eit «ubetydelig beløp» og tilsa utilbørlegheit i lys av at mottakaren var offentleg tenestemann. I Ullevål-saka hadde ein leverandør to gongar påkosta trivnadsturar på 10.000 kroner til ein privat eigedomssjef ved Ullevål sjukehus. Tingretten konkluderer med at reisa sin verdi må trekke i retning av utilbørlegheit. Konklusjonen kjem imidlertid først etter ei påpeiking om privatpersonar måtte nytta netto inntekt til betaling av tilsvarande tur, slik at verdiane av reisene reelt er høgare enn 10.000 kroner. Dette kan tyde på at verdien må vere noko over 10.000 kr for at beløpet isolert tilseier utilbørlegheit.

Dette var likevel den første saka der omgrepet «utilbørleg fordel» vart prøvd av domstolane. I den nyare Siemens-saka uttalte tingretten at reise med opphald til ein verdi av 19 000 var «isolert sett, uten tvil av en slik størrelse at det tilseier at fordelene er å anse som utilbørleg». Dette gjaldt sjølv om verdien låg gjennomsnittleg på 6500 på kvar av mottakarane.¹⁰⁸ Dette ymtar om at rettspraksis no krev lågare beløp før det isolert trekk i retning av utilbørlegheit.

Den lågaste verdien rettspraksis syner å ha dømt som utilbørleg fordel er avsagt av Hålogaland lagmannsrett i Statoil-Melkøya saka frå 2009.¹⁰⁹ Ein av tiltalepostane gjaldt mottak av 2 sesongbilletter til fotballstadion i Sandefjord til ein verdi av 3600 kroner, i anledning tiltalte si stilling som innkjøper. I likningsfunksjonærdommen¹¹⁰ vart av ein likningsfunksjonær dømt for mottak av 5000 kr for å endre ein likningsattest.

Dommane gjev eit bilete av rettskjensla. Dei største gråsonene ligg truleg mellom nokre hundre og nokre tusen kroner. I gråsonene er det særleg aktuelt å vurdere verdien i lys av omstenda og andre moment i heilskapsvurderinga. Forarbeida presiserer også at terskelen kan variere mellom verksemdsområder, bedrifter og etatar. Tilsette i

¹⁰⁶ TNHER-2008-1143 post 2a

¹⁰⁷ LB-2009-164828

¹⁰⁸ Toslo-2008-171401 s.8

¹⁰⁹ LH-2008-180085

¹¹⁰ Toslo-2008-99362

serviceyrker vil til dømes ofte motta relativt verdifulle gåver frå kundar utan kritikk. Grunngevinga er truleg at fordelane kan sjåast som anerkjenning av arbeid. Forarbeida uttrykker også høgare terskel før ein ser mottak av produkt påstempla firma eller anna reklamefunksjon som klart kritikkverdige. Omsynet til sedvanleg marknadsføring står såleis også sterkt i vurderinga.

Stordrange visar til at når givaren yter fordelar i form av kontantar eller bankinnskot, vil det «som regel være på det rene at forholdet rammes» og viser til dommane Rt-1945-241, Rt-1980-456 og Rt-1986-1013.¹¹¹ Eg kan ikkje sjå at dommane gjev eit klart uttrykk for dette synspunktet. At fordelar i rein pengeform er lite sedvanleg, og såleis aukar bevisbyrden for at dette ikkje er ein bestikking er eit betre utgangspunkt.

2.5.4 Partane si stilling og posisjon

Forarbeida tillegg offentlege tenestemenn ei strengare norm enn personar som arbeider i privat verksemd. Dette er naturleg ut frå det særlege omsynet til objektivitet i offentleg verksemd.

Som tidlegare nemnt i punkt 2.4.3 vil tenestemannslova § 20 vil gje rettleiing for kva som er utilbørleg for offentlege tenestemenn. I den relasjonen er det sentralt at tjml. § 20 forbyr fordelar som objektivt er «egnet til (...) å påvirke hans tjenestlige handlinger». Ettersom det er omverda si oppfatning av fordelsoverføringa som er avgjerande, vil også ein tenestemann kunne motta allment aksepterte gåver.

Mottak av ubetydeleg reklamemateriell fell dømesvis også utanfor tenestemannslova § 20. Ei gåve som vert gjeven i nær tilknytning til ei avgjerd som gjeld gjevaren kan derimot lett sjåast eigna til å påverke avgjerda sitt utfall. Dette gjeld særleg om mottakaren har ei sentral stilling i den prosessen.

Fordi tjml. § 20 er strengare enn strl. § 276a), gjev likevel denne avgrensa rettleiing. Norma må vurderast i lag med andre moment i heilskapsvurderinga, men med utgangspunkt om lågare terskel aleine grunna mottakar si stilling som offentleg tilsett.

Strengheitsnorma varierer etter i kva grad ein representerer offentleg myndigheit jf. forarbeida. Ein treng såleis ikkje vere offentleg tenestemann i tenestemannsloven sin

¹¹¹ Stordrange (2007) s.107

forstand¹¹² for å vere underlagt ei strengare norm. Dette gjeld også til dømes kommunale tilsette og også gjerne personar i kommunale føretak som utøvar myndigheit på vegne av kommunen. Personar i kontrollfunksjonar er underlagt ei særleg streng norm jf. forarbeida.

I privat verksemd er det først og fremst omsynet til konkurranse som tilseier forbod mot utveksling av fordelar. Tillitsomsynet står svakare. Her aukar difor vekta av momentet meir i takt med grada av mottakaren sine fullmakter og påverknadskraft i tilsetjingsforholdet, enn tilsetjingsforholdet i seg sjølv.

I Ullevål-saka var det vektlagt i utilbørlegvurderinga at mottakaren var eigedomssjef og såleis og hadde ein «sentral posisjon og stor påverknadskraft» ved val av oppdragstakarar for eigedomsavdelinga. Tilsvarande posisjonar er gjennomgåande vektlagt i rettspraksis i retning utilbørlegheit, men endå oftare som uttrykkeleg grunnlag for grov korrupsjon etter § 276b).

Stillingsmomentet vart styrkja i Ullevål-saka ved at sjukehuset mottok midlar frå det offentlege, slik at tilliten til riktig forvaltning av fellesskapet sine midlar gjorde seg gjeldande.¹¹³ Dette er eit eksempel på at også andre enn offentleg tilsette kan illeggast ei streng norm, dersom dei same tillitsomsyna er til stades.

2.5.5 Føremålet bak fordelan

2.5.4.1 Avtale om gjensidige fordelar

Føremålet bak ytinga står sentralt i utilbørleg vurderinga jf. forarbeida.

Proposisjonen seier at der fordelan «var ment å påvirke» mottakaren si utøving av stilling, verv eller oppdrag, vil fordelan «normalt være utilbørleg» og vil såleis vere tungtvegande i heilskapsvurderinga.

Dei klaraste tilfella av «utilbørlege fordelar» er reine bestikkingar, der den aktive og passive parten har avtalt gjensidige tilbakeytingar.

¹¹² Definert i tenestemannslova § 1

¹¹³ Toslo-2005-134006 under tiltaleslutninga punkt 1, seinare oppheva av LB-2007-6315 for A sitt vedkommande.

Eit praktisk døme på avtalte bestikkingar er Statoil-konsulentsaka frå 2011.¹¹⁴ Retten fann at tilsette B og C av leverandøren X AS hadde inngått avtalar med tilsett A i Hydro om at X AS skulle få leverandøravtalar med Hydro om utleige av såkalla PVT-flasker.¹¹⁵ Avtalen føresette at dei tre fekk godt betalt gjennom at B overfakturerte Hydro for utleige av flaskene med godkjenning frå A. Utbetalinga gjekk føre seg ved at X AS etter å ha motteke det overfakturerte beløpet, betalte mellom anna A sine private rekningar. Til saman mottok A 4,5 millionar kroner frå X. Reknskapet til X AS vart manipulert ved at utbetalingane til A vart kamuflert under utgiftspostar tilknytt X si verksemd.

Mottaket av utbytte frå overfaktureringa vart sett som ein openbar utilbørleg fordel i anledning A si stilling. A vart dømt for grov passiv korrupsjon. C og B vart dømt for grov, aktiv korrupsjon for å ha gitt A dei utilbørlege fordelane som motyting for at X ved overfaktureringa fekk ein monaleg omsetnad gjennom Hydro. Retten slår kort fast at det er tale om utilbørleg fordel utan nærare diskusjon.

Rettspraksis viser generelt at fordelane fort vert konstatert klart kritikkverdige der den aktive og passive part har avtalt gjensidige fordelar. Her ligg også dei mest omfattande korrupsjonssakene som har vore til domstolshandsaming. Ofte gjeld dette saker med liknande konstruksjonar som i Statoil-konsulent saka. Desse kan omtalast som «tappe-saker». Det visast til den store vatnverksaka¹¹⁶, Undervisningsbygg-saka¹¹⁷, Bærum-kommune saka¹¹⁸ og Nor Lines-saka¹¹⁹ som illustrasjon.

Tilfellet der mottakaren får del i utbyttet etter å ha godkjent slik fiktiv- eller overfakturering er i praksis sett som korrupsjon, og ikkje underslag eller utroskap.¹²⁰ Sjølve godkjenninga av fiktive eller overfakturerte faktura er i rettspraksis sett som utroskap¹²¹ eller bedrageri dersom tiltalte villeia andre til å godkjenne fakturaene.¹²² Leverandøren si fiktive eller overfakturering er sett som grov utroskap

¹¹⁴ TSTAV-2011-107166

¹¹⁵ Flaskene nyttast i oljeindustrien for lagring av kjerneprøver og oljeprøver

¹¹⁶ LE-2008-46619

¹¹⁷ Rt-2008-1473

¹¹⁸ LB-2009-48300-2

¹¹⁹ LG-2011-40898

¹²⁰ Sjø mellom anna LB-2007-177805 (Undervisningsbygg), LB-2009-48300-2 (Bærum Kommune)

¹²¹ Sjø Rt-2012-243, avsnitt 22. (Prosjektleder i Undervisningsbygg-saka)

¹²² LH-2008-180080 (Statoil-Melkøya), LG-2008-196041 (M-I SWACO)

ovanfor sitt eige selskap¹²³ og bedrageri ovanfor adressaten av fakturaen.¹²⁴ Det har skjedd at mottakaren i etterkant av mottak av utilbørlege fordelar har tilbydd ein annan leverandør pengar for å utstede fiktive faktura, for å skjule dei utilbørlege fordelane. Dette er dømt som eit eige korrupsjonstilfelle.¹²⁵

2.5.4.2 Føremål om strategisk posisjonering

Sjølv om det ikkje ligg føre ein avtale om gjensidige fordelar, kan den aktive part ved å gi fordelene ha ei forventning eller motiv om å oppnå ei tilbakebetaling. Der slikt motiv kan påvisast, vil også dette vere «ment å påvirke» mottakaren si utøving av tilsetjingsforholdet, og vil såleis også «normalt vere utilbørleg» jf. forarbeida.

Høgsterett stadfestar i Fesildommen¹²⁶ at forarbeida er klar på at kjernen i straffbar smørjing er der den aktive parten tek sikte på å oppnå ein fordel for seg eller andre. Høgsterett omtalar dette som «strategisk posisjonering» i avsnitt 38.

I Fesildommen støtta Høgsterett lagmannsretten sin konklusjon om at tilfellet gjaldt strategisk posisjonering.¹²⁷ I saka hadde B i entreprenørfirmaet Z AS finansiert ei hestevogn til A i Y AS. Lagmannsretten syner å grunngje posisjoneringa i at Z AS hadde flere oppdrag for Æ, der A hadde styreverv. Under bevisdømminga for A kjem det også fram at Z AS hadde fleire kontinuerlege oppdrag for Y AS. Lagmannsretten slår nokså raskt fast at det er tale om brotsverk av § 276a) etter å ha vist til posisjonane til partane og verdien på ytinga i tillegg til dette føremålet.

Føremål om strategisk posisjonering vart også vektlagt mot utilbørlegheit i Unibuss-saka.¹²⁸ Saka gjaldt tilståingsdom for tilfellet der ein tilsett i eit leverandørselskap for bussar hadde betalt leigebil på ca. 17 000 kr ved tre anledningar til ein innkjøpar av bussar i Unibuss AS. Tingretten fann bevist at tiltalte hadde forholdt seg som skildra i tiltalen. Tiltalen sa at «Fordelene B mottok var utilbørlege på grunn av beløpets størrelse,

¹²³ LE-2008-46619 (Vatnverksaka)

¹²⁴ Sjø mellom anna LG-2008-196041 (M-I SWACO) under spørsmål 1 for tiltalt D for lagretten.

¹²⁵ Toslo-2008-74401 (Ullevål)

¹²⁶ Rt-2009-130, avsnitt 32-38

¹²⁷ Rt-2009-130, avsnitt 38,39 jf. LH-2007-158006, under bevisbedømmelsen for B

¹²⁸ Toslo-2012-136639

fordi formålet var å holde en god tone med Unibuss AS som kjøper av busser og fordi betaling av Bs utgifter ble holdt skjult for det offentlige og for Bs arbeidsgiver».

Strategisk posisjonering er likevel ikkje framheva i mange saker som gjeld smøring, truleg fordi det er vanskeleg å påvise motiv om tilbakekeyting.

Motiv om smøring er også vektlagt i utilbørlegvurderinga for passiv korrupsjon. I Screen-communications vart det «særlig vektlagt» i heilskapsvurderinga at mottakaren beheldt plasmaskjermen utan betaling sjølv om denne oppfatta tilbudet som smørjing. Retten fører altså fordelen i retning klar kritikkverdighet dersom mottakaren var klar over at fordelen var kritikkverdig.

2.5.4.3 Når motivet ikkje vert påvist

I Fesildommen¹²⁹ fastslår Høgsterett at § 276a) ikkje krev hensikt frå den aktive part om å motta ei tilbakekeyting. Høgsterett tolkar forarbeida slik at «den nødvendige avgrensing skal skje gjennom utilbørlegheitskriteriet». ¹³⁰ I avsnitt 36 og 37 seier Høgsterett at det er påverknadsmomentet i alle former ein ønskjer å ramme ved straffereglane for aktiv korrupsjon, og at det berre kan vere i «svært spesielle tilfelle at det er grunn til å dømme etter korrupsjonsbestemmelsen dersom en må se helt bort fra at det foreligger et påvirkningsmoment».

Eg oppfattar Høgsterett slik at grada av mogleg påverknad av mottakar har innverknad på den objektive utilbørleg vurderinga. Høgsterett gjev også uttrykk for ein presumpsjon mot utilbørlegheit der det ikkje ligg føre eit «påverknadsmoment». Kva Høgsterett meiner med «påverknadsmoment» er ikkje eksplisitt. Det er nærliggjande at presumpsjonen gjeld situasjonen der mottakaren ikkje er meint påverka, og fordelen etter omstenda elles ikkje er særleg eigna til å påverke mottakaren.

I Ullevål-saka vart ikkje hensikta bak leverandørane si spandering av reisene til Kiruna og Malaga ovanfor eigeidomssjefen på Ullevål påvist av tingretten. Retten fann det tilstrekkeleg å vektlegge at «opplegget var særlig egnet til å påvirke en person i As

¹²⁹ Rt-2009-130

¹³⁰ Jf. avsnitt 34

posisjon».¹³¹ Dette er i tråd med tolkinga av Fesildommen. Bakgrunnen for påverknadsrisikoen var at reisene til Kiruna og Malaga bar «tydelig preg» av å vere ein fordel retta mot eigedomssjefen personleg. Dette fordi reisene var tilpassa eigedomssjefen sine personlege ynskjer, ved at jakt og golf vart opplyst å vere eigedomssjefen sine store fritidsinteresser. Meir vektig var det at talet inviterte var avgrensa og utvalet av dei var venner av eigedomssjefen.

Stor påverknadsrisiko bør av omsyn til skadeverknadane vere vektig uavhengig av om den passive eller aktive parten er bevisst påverknadselementet.

Spørsmålet vidare kva situasjon fordelen inneberer så lav risiko for å påverke mottakaren at ein ser påverknadselementet som fråverande, slik at det ligg føre presumpsjon for tilbørlegheit. Føresetnaden er at motiv om påverknad ikkje påvisast.

I Siemens-saka kom tingretten til at manglande påverknadselement var avgjerande for at golfturane ikkje var utilbørlege. Det vart vektlagt mot at mottakarane ikkje visste at Siemens betalte reisa. Dette vart sett i samanheng med at ingen av mottakarane var i posisjon til å uttøve direkte eller indirekte innverknad på forsvaret sitt innkjøp. Samla var mottakarane ikkje i det heile utsett for direkte eller indirekte påverknad under golfturen, noko som måtte tilleggast «stor vekt».¹³² Motivet om å motta informasjon om forsvaret var ikkje tilstrekkeleg påverknadsrisiko.

Forutan mottakar sin posisjon og omstenda ved fordelen som i Siemens-saka, har rettspraksis funne påverknadselementet fråverande der partane har eit ståande kontraktforhold.

I Vegprosjekt i Lister-saka vart rekneskapsføraren frifunne frå medverknad mellom anna sett hen til Fesil-saka om påverknadselementet. Retten meinte det var lite sannsynlig at tiltalte ville risikere korrupsjon «hvor eneste påvirkningsmoment i tilfelle måtte være å beholde et klientforhold». Dette spesielt i lys av at mottakaren ikkje var ein sentral klient.¹³³ Momenta vart imidlertid framsett under forsettsvurderinga.

¹³¹ Toslo-2005-134006, under rettens vurdering av tiltalepost 1, kulepunkt 2 og 3 ovanfor A

¹³² Toslo-2008-171401

¹³³ Tlist-2010-65724, under tiltalepost 1 og 2.

Det vart også diskutert i Statoil-konsulent saka og Prosjektleiar i Undervisningsbygg-saka om «tapping» av selskapa kunne vere utilbørleg når motivet bak fordelane ikkje gjaldt tildeling av kontrakt. Dette fordi partane hadde eit ståande kontraktforhold. I begge sakene var mottakarane i sentrale innkjøpsposisjonar.

I Prosjektleder i undervisningsbyggsaka¹³⁴ kom lagmannsretten til at påverknadselementet likevel låg i at beløpa var ein føresetnad for fortsatt godkjenning av dei fiktive fakturaene. Retten konkluderte med utilbørlegheit etter å ha peikt på andre moment i heilskapsvurderinga. Statoil-konsulentsaka kom til same resultat.

Det kan diskuterast om retten i særleg desse to sakane vurderte påverknadselementet tilstrekkeleg i lys av tillitsomsynet. Sjølv om motivet ikkje er tildeling av kontrakt, kan fordelane påverke mottakar til å oppretthalde kontaktforholdet. Dette må særleg gjelde når mottakarane står i sentrale innkjøpsposisjonar som i desse sakene. Vurderinga vil avhenge av kor stor vekt ein tillegg tillitsomsynet i utilbørlegvurderinga. Sakene syner noko terskel før tillitsomsynet gjer seg gjeldande og at fordelan er eigna til påverknad.

Etter dette må Fesil-saka vere uttrykk for ei stadfesta oppfatning av at graden av påverknadselementet har vekt i utilbørlegvurderinga. Siemens-saka er hittil einaste sak som har late manglande påverknadselement vere avgjerande mot utilbørlegheit. Her var lagmannsretten under tvil. Som Fesil saka seier «vurderingen av dette kan være vanskelig. Hva som konkret finnes å være utilbørleg, vil et stykke på vei avhenge av kva som er alminnelig akseptert i bransjen, og hvorvidt ytelsen skjer i full åpenhet eller forsøkes skjult».¹³⁵

2.5.6 Andre moment

Forarbeida seier at ærlegdom om fordelan ovanfor arbeidsgjevar «vil ofte innebære at en fordel ikke kan betraktes som utilbørleg», men at dette er meir vektig i private enn i offentlege høve. Med dette tillegg forarbeida *openheit om fordelan i høve arbeids- eller oppdragsgjevar* stor vekt i utilbørleg vurderinga. I rettspraksis har også momentet vorte

¹³⁴ LB-2010-62670-2 under punkt 4.1.1, Høgsterett (Rt-2012-243) handsamar ikkje spørsmålet.

¹³⁵ Avsnitt 37 i dommen.

tillagt tung vekt. Til dømes uttala lagmannsretten i Agder Energidommen at «graden av åpenhet er et vesentlig moment i utilbørlighetsvurderingen».¹³⁶

Der *tilsettings- eller oppdragsavtalen, eller interne retningslinjer* inneheld grenser for mottak av gåver eller andre fordelar, skal dette tilleggast «vesentlig betydning» i utilbørlegvurderinga jf. forarbeida.¹³⁷ Slik sjølvregulering har auka sterkt i omfang både nasjonalt og internasjonalt, og er no ein viktig del av anti-korrupsjonsarbeidet.

Internkontrollsystemet regulerer ofte ikkje berre kva fordelar ein kan motta, men stillar også krav til avgjerdsprosedyrar og sakshandsamingsprosessar med strenge inhabilitetsreglar. Teorien har difor teke til orde for at også brot på slike internreglar er relevant i utilbørleg vurderinga.¹³⁸ Dette vil vere i tråd med omsyna bak regelen. Ettersom slik regulering også kan vektleggast i høve strl. § 48a jf. § 48b, bokstav c) om føretaksstraff og skl. § 1-6, talar også omsynet til samanhengen i lovverket i denne retninga.

For å hindre at tilsette opererer i gråsoner for korrupsjon, er slike regelverk likevel ofte strengare enn lova. Eitkvart brot på interne regelverk må difor like fullt vurderast konkret etter lova sitt krav til klar kritikkverdighet.

Forarbeida nemner også at det «er grunn til å legge vekt på» *retningslinjer som bransjeorganisasjonar har utarbeida* for kva gåver og fordelar som kan mottakast og under kva omstende. NHO har mellom anna utarbeida slike. Dette momentet syner ikkje å ha like stor vekt som interne retningslinjer, truleg fordi det ikkje i same grad vert forventa at tilsette kjenner bransjeorganisasjonane sine retningslinjer.

Dersom det ikkje er utarbeida slike regelverk, må ein i følgje forarbeida sjå kva som er *sedvanleg innanfor det aktuelle livs- eller verksemdsområdet*. Sedvane er eit «sentralt moment» og er såleis viktig, men forarbeida presiserer at momentet ikkje utan vidare er avgjerande for grensa for utilbørlegheit. Dette fordi det kan ha danna seg såkalla

¹³⁶ LA-2007-149713

¹³⁷ Prp.78 s.55

¹³⁸ Tharaldset (TFS 2011-1) s. 33,34

«ukultur» på enkeltområder. Sjå dømesvis Agder-energidommen¹³⁹ om ein sedvanleg ukultur i form av «finders fee».

Det er sedvanleg å tilby fordelar i form av reiser, middagar, konferansar mm. for å marknadsføre eit produkt. Særleg gjeld dette der produkta krev tette relasjonar, eksempelvis der produkta utviklast i samarbeid mellom kunde og leverandør. Reise er naturleg sedvanleg der produkta krev synfaring.

Forarbeida gjev tilslutning til at «det normalt ikkje vil være utilbørlig» om slike tilstellingar betalast av nokon som ynskjer å marknadsføre eit produkt, så lenge innhaldet i programmet ligg innanfor «forsvarlige rammer» og det ligg føre openheit om forholdet. Dette er vagt. I lys av omsyna bak regelen bør rammene vere uforsvarlege der tilstellingane er unødvendig luksuriøse fordi det aukar risikoen for påverknad. NHO ser i sine retningslinjer dette som uakseptabelt.

For at reiser skal verte akseptert som lovleg kundepleie har rettspraksis gjennomgåande krevd fagleg innhald i arrangementet. I Ullevål-saka, omtala ovanfor, uttalar tingretten at ved reiser er det av «stor betydning om de har et faglig innhold og om deltakelsen er generell eller retta mot enkeltpersoner», og uttalar også seinare at «begge reisene hadde ren fritidsmessig karakter uten noen dokumentert nytte for bedriften. Faglig innhold er nødvendig for å kunne forsvare en slik tur».¹⁴⁰

I Unibuss-saka vart *planlagt* fagleg innhald på turen til VM i skiskyting i Rupholding ikkje realisert, og difor heller ikkje teke omsyn til. Tingretten uttalar at grensa mellom lovleg og straffbar kundepleie «går på graden av faglige innhold», og at «ved de lovlige former kan det ofte stilles spørsmål om ikke det faglige kunne ha blitt tilført kunden på en for tilbyder enklere og mindre kostnadskrevenende, men da for kunden en mindre komfortabel måte. I mangel av reisenes faglige innhold er det ikke uenighet om at grensen for det straffbare er overskredet, men retten påpeker at grensen ofte kan fremstå som diffus».¹⁴¹

¹³⁹ LA-2007-149713

¹⁴⁰ Toslo-2005-134006

¹⁴¹ Toslo-2012-125970

Etter dette tilseier rettspraksis etter mitt syn at fagleg innhald er ein føresetnad for at spanderte reiser vert sett tilbørleg. Grada av faglege innhald vil også vere heilt avgjerande i grensa mellom lovleg kundepleie og straffbar korrupsjon generelt.

Kva grad av fagleg innhald som krevst er det ikkje grunnlag for å avklare, og må sjåast i lys av andre moment og omstende. Screen-communications er illustrerande. Her vart ein mann frifunne for tiltalen om passivt å ha mottatt reise til VM i skiskyting i Hochfilitzen i Østerrike frå leverandør. Dette mellom anna fordi han rettmessig hadde truidd han var invitert til ein «lovlig, profesjonell og seriøs forretningsreise med betydelig faglig innhold og hvor det ble lagt til rette for omfattende, forretningsmessig relasjonsbygging og erfaringsutveksling». Motivet vart såleis sentralt. Når han forstod at turen berre var ein «heisatur med svært mye fyll» valde han å ikkje ta imot mange av goda dei fekk tilbydd. Han leigde mellom anna sine egne ski, betalte mat og drikke mm. Retten fann det ikkje klart kritikkverdig at mannen under desse omstenda ikkje reiste heim att før planlagt.

Forarbeida seier også at sedvane i utlandet påverkar utilbørlegvurderinga av utanlandsk verksemd, og nemnar at det i utlandet ikkje er uvanleg med «facilitation payments». Dette er situasjonen der offentlege tenestemenn krev bestikkingar for å gjere jobben sin. Forarbeida presiserer at «en del slike betalinger kan ikke karakteriseres som utilbørlege», men at det må utøvast eit skjønn «hvor sentrale momenter vil være ytelsens verdi, samt om den bryter med lov eller sedvane». Terskelen kan difor vere høgare samanlikna med norsk sedvane, men kvart tilfelle må vurderast konkret.

Det er få saker i rettspraksis etter den nye regelen som gjeld korrupsjon i utlandet. Både Statoil-Horton saka, Sintef-saka¹⁴² og den nye Norconsult-saka¹⁴³ gjaldt bestikkingar eller påverknadshandel i utlandet, med føremål om tildeling av kontrakt. Retten dømte for korrupsjon i alle sakene. Att står Arbeidsklede frå Kina-saka.¹⁴⁴ Denne gjaldt tilståingsdom av tidlegare produksjef (A) i Univern AS sitt mottak av provisjonar frå leverandør i Kina på 3 % av kvar bestilling av arbeidsklede. Det vart ikkje teke omsyn til A sitt fråsegn om at slike provisjonar ikkje var uvanlege i Kina, og A vart dømt for grov korrupsjon. Desse sakene er imidlertid i kjerneområdet for korrupsjon, og gjer det

¹⁴² TTRON-2007-28521

¹⁴³ LB-2011-148517, anka til Høgsterett.

¹⁴⁴ TROMS-2011-51247

naturleg å sjå vekk ifrå eventuell sedvane. Det stillar seg klart annleis om ein til dømes kjenner seg tvungen til å betale ein båtkontrollør for at han i det heile skal godkjenne inspeksjonen, sjølv om båten oppfyller krava til kontrollen.

3 Skuldkrav

Skuldkravet er forsett etter hovudregelen i strl. § 40 ettersom ikkje anna er bestemd i strl. § 276a). Forsettet må i følge dekningsprinsippet dekke alle dei objektive vilkåra i straffebodet.

Forsett ligg først føre der gjerningspersonen har *tilsikta* å oppfylle gjerningsinnhaldet i § 276a). *Sannsynsforsett* ligg føre der gjerningspersonen sikkert eller overvegande sannsynleg har rekna tilbodet, kravet mv. om fordel som utilbørlig i anledning av mottakar si stilling, verv eller oppdrag. Ei siste forsettsform er *dolus eventualis*, der gjerningsmannen har sett det som mogleg at handlinga oppfyller gjerningsskildringa i § 276a), men aksepterer følgja dersom dette med sikkerheit skulle inntre.¹⁴⁵

Sistnemnte forsettsform kan for eksempel vere aktuell der ein avgjerdstakar i ein forhandlingssituasjon ved tilbod om ein forretningstur ser det som sannsynleg at turen manglar planlagt fagleg innhald. Han tek vidare ei *bevisst avgjerd* om å motta turen *sjølv om* turen viser seg å vere rein smørjing knytta til forhandlingane. Det seier seg *sjølv at* det er vanskeleg å bevise at gjerningspersonen godtok denne følgja. Forsettsforma vil difor sjeldan vere aktuell.

Forsettet føreset kunnskap om omstende som oppfyller gjerningsskildringa. Der mottakaren til dømes ikkje visste om forholda som gjorde fordelten utilbørlig før etter dei har motteke fordelten, vil ikkje forsettet vere oppfylt. Dette er faktisk villfaring jf. strl. § 42. Ei nyleg mediesak aktualiserer temaet.¹⁴⁶

Rettsleg villfaring jf. strl. § 57 er derimot ikkje omfatta av forsettet,¹⁴⁷ og vil sjeldan vere straffridomsgrunn av omsyn til regelen sin effektivitet.

Forarbeida uttaler at den aktive parten sitt føremål om å påverke mottakaren berre normalt vil være utilbørlig under føresetnad av at «den passive bestikker forstod dette, eller i det minste holdt det for overveiende sannsynlig».¹⁴⁸ Departementet syner her å

¹⁴⁵ Forsettsformene er utvikla av rettspraksis, sjå Andenæs (2004) s. 232-243

¹⁴⁶ http://www.nrk.no/nyheter/distrikt/nrk_trondelag/1.10941462

¹⁴⁷ Andenæs, (2004) s. 224

¹⁴⁸ Prp.78 s.55

meine at forsett frå den passive part om forhold som gjer fordelten utilbørleg er eit vilkår for å domfelle den aktive part.

I Siemens-saka frå 2009¹⁴⁹ omtala ovanfor tok lagmannsretten forarbeida på ordet på dette punktet. Retten frifann tiltalte for aktiv korrupsjon, og medverknad til passiv korrupsjon, på bakgrunn av at mottakarane ikkje visste at dei vart tilført ein fordel. Dette fordi mottakarane var uvitne om at Siemens betalte golfreisa.

Det gjeld eit prinsipp i norsk rett om at straffevilkåra som hovudregel skal vurderast individuelt for kvar enkelt deltakar.¹⁵⁰ Lagmannsretten i Siemens-saka syner å meine at partane ved korrupsjon ikkje skal bedømmast individuelt. Dei støttar seg nemleg særleg på straffelovrådet si uttale om at korrupsjonsomgrepet «forutsetter at det skjer en samhandling mellom minst to personer, og da ofte slik at begge kan bebreides handlingen».¹⁵¹

Eg meiner forarbeida ikkje er tilstrekkeleg klare til å fråvike prinsippet om individuell vurdering. Dessutan er passiv og aktiv korrupsjon åtskilte straffbare høve jf. strl. § 276a). Konklusjonen i dommen vil såleis heller ikkje samsvare med dekningsprinsippet.

Rett nok må både den aktive og passive part ha eit medvite forhold kvar for seg om dei tilhøva som gjer fordelten utilbørleg for å oppfylle kravet til skyldkravet forsett jf. ovanfor. Den aktive parten sitt motiv om å tilby ein utilbørleg fordel er likevel straffverdig uavhengig av om mottakaren kan frifinnast fordi han ikkje forstod at dette var motivet. Tilsvarande syn er framheldt i artikkel frå 2007 av Lars Stoltenberg og Trond Schea frå Økokrim.¹⁵²

¹⁴⁹ TOSLO-2008-171401

¹⁵⁰ Andenæs (2004) s.338

¹⁵¹ NOU 2002: 22 s.30

¹⁵² Stoltenberg og Schea (TFS 2007-1) s.79

4 Krenkjer straffelova § 276a) EMK artikkel 7 eller legalitetsprinsippet?

Etter Grunnlova § 96 kan ingen «dømmes uden efter lov». Ordlyden nedfeller det strafferettslege legalitetsprinsippet.¹⁵³ Grunnlova § 97 presiserer Grunnlova § 96 med eit forbod mot at lover har tilbakeverkande kraft. Lovheimel må såleis liggje føre på handlingstida for at handlinga kan straffast. EMK artikkel 7 har også forbod mot tilbakeverkande kraft, og set dermed også opp eit lovkrav.

EMD har særleg presisert innhaldet av lovkravet etter EMK i Sunday times dommen.¹⁵⁴ Heimelen må etter denne vere nasjonal, tilstrekkeleg tilgjengeleg og presis til at borgaren har rimeleg moglegheit til å forutsjå konsekvensane av sine handlingar.¹⁵⁵ Lovkravet etter Grunnlova §§ 96 og 97 set etter alminneleg rettsoppfatning krav til formell lovheimel som grunnlag for straff, i tillegg til at lovheimelen skal vere tilstrekkeleg klar. Begge rettsgrunnlaga set såleis opp eit tilgjengelegheitskrav og eit presisjonskrav.

Når det gjeld tilgjengelegheitskravet, stadfestar praksis frå EMD at «lov» etter EMK også omfattar ulovfesta rett.¹⁵⁶ Konvensjonen stillar såleis ikkje krav om formell lovheimel i motsetnad til Grunnlova. Dette er eit uttrykk for at ein i norsk rett ikkje berre legg vekt på rettsvise ved inngrep, men også maktfordeling og demokrati.¹⁵⁷ Lex superior prinsippet fører til at straff krev formell lovheimel i norsk rett, ved at Grunnlova har høgare rang enn menneskerettslova.

Straffelova § 276a) oppfyller kravet til formell lovheimel, og tilfredsstillar såleis tilgjengelegheitskravet etter både Grunnlova §§ 96 og 97, og EMK artikkel 7.

Vurderinga rettar seg vidare om presisjonskrava er oppfylte etter regelsetta.

¹⁵³ Jf. Andenæs (2004) s. 104

¹⁵⁴ Dommen gjaldt EMK artikkel 10, men lovkravet tolkast tilsvarande for samtlege reglar med lovkrav i EMK jf. særleg *Malone* dommen av EMD.

¹⁵⁵ (EMD-1974-6538) avsnitt 49

¹⁵⁶ Jf. mellom anna *Sunday Times* (EMD-1974-6538), avsnitt 47, og *Malone* (EMD-1979-8691)

¹⁵⁷ Aall (2007) s. 95

Spørsmålet vert om innhaldet i ordlyden «utilbørleg fordel i anledning av stilling, verv eller oppdrag» i straffelova § 276a) er tilstrekkeleg presis etter EMK artikkel 7 sitt krav om at borgarane kan føresjå handlingar som er strafferettsleg korruperte.

Etter EMD praksis stillast det høgare krav til klarleik desto større inngrep det er tale om.¹⁵⁸ Straff reknast naturleg som eit stort inngrep, og stillar følgjeleg eit strengt lovkrav til straffelova § 276a). Lovkravet må skjerpast ytterlegare i lys av den høge strafferamma.

Praksis frå EMD har vist at borgarane uansett ikkje treng å kunne føresjå alle handlingar som fell under ein lovregel. Sentral er EMD sitt fråsegn i Sunday Times dommen om at presisjonskravet er oppfylt dersom individet er i stand til, om nødvendig med bistand, å føresjå konsekvensane av sine handlingar «to a degree that is reasonable in the circumstances». Grunngevinga for dette er at “the law must be able to keep pace with changing circumstances”.¹⁵⁹ At ordlyden “utilbørleg fordel” i strl. § 276a) er ein rettsleg standard er såleis ikkje problematisk i seg sjølv i høve EMK.

Derimot er omgrepet «utilbørleg» tvilsamt, når det står aleine, tilstrekkeleg klart etter konvensjonen sitt krav.¹⁶⁰ Her til kjem det årsakskravet «i anledning av stilling, verv eller oppdrag», er upresist jf. drøftinga under punkt 2.4.2 i avhandlinga.

Presiseringskravet kan likevel vere oppfylt etter konvensjonen dersom forarbeid eller rettspraksis gjev tilstrekkeleg rettsvisse.¹⁶¹

Høgsterett har ingen prejudikat omhandla skuldspørsmålet etter den nye lova vart sett i kraft, bortsett frå avklaringa i Fesildommen¹⁶² om at den aktive part ikkje treng å ha hensikt om gjengjeldande yting.

Forarbeida til strl. § 276a) har likevel presisert uttrykket «utilbørleg» til at handlinga må vere «klart kritikkverdig», og at dette er i tråd med tidlegare rettspraksis.¹⁶³ Avklarande

¹⁵⁸ Sjå særleg *Malone* (EMD-1979-8691)

¹⁵⁹ *Sunday Times* (EMD-1974-6538), avsnitt 49

¹⁶⁰ Dalseide (2008) punkt 1.1.2.

¹⁶¹ Jf. *Strandbakken* (JV-2004-166) s.196 med tilvisning til mellom *anna S.W.* (EMD-1992-20166), avsnitt 34, tilsvarande *Aall* (2007) s. 112 med tilvisning til *Kokkanis* (EMD-1988-14307) , avsnitt 52

¹⁶² Rt-2009-130

¹⁶³ Prp.78 s.55

rettspraksis frå dei tidlegare korrupsjonsreglane kan såleis auke rettsvissa. Dessutan er det eit stort tal underrettsdommar som er grundige i si handsaming av regelen.

Forarbeida gjev vidare inngåande rettleiing til rettsbrukarane i form av ei rekke relevante moment og vekta av dei i utilbørlegvurderinga. Forarbeida bidreg også med avklaringar om den nedre grensa for utilbørlegheit, til dømes kva som er sedvanlege gåver i marknadsføring. Forarbeidet presiserer også at fordelene må ha årsakssamanheng med den passive parten sitt tilsetjingsforhold.

Forarbeida si omfattande presisering må etter mitt syn vere avgjerande for at strl. § 276a) gjev rimeleg presisjon til at borgarane kan forutsjå konsekvensen av sine handlingar etter krava i EMK. Dette er særleg med støtte i *Kokkanis v. Greece* som hadde ein liknande rettskjeldesituasjon rundt eit tilsvarande vagt uttrykk. Teorien er av same oppfatning.¹⁶⁴ Hadde konklusjonen under punkt 2.4.2 i avhandlinga vore at mottakar kan vere privatperson som i Au-pair dommen, ville derimot konklusjonen truleg vore annleis.

Konklusjonen vert at straffelova § 276a) ikkje er i strid med EMK artikkel 7.

Spørsmålet vert vidare om strl. § 276a) oppfyller krava til klarheit etter det strafferettslege legalitetsprinsippet jf. Grunnlova §§ 96 og 97.

Norsk rett stillar etter legalitetsprinsippet krav om «klar» lovheimel for å ileggje straff. Straffereglar må utformast så presist som mogleg for å sikre omsynet til rettsvisse.¹⁶⁵ Dette viser ein høg terskel for å oppfylle kravet etter Grunnlova.

Ordlyden i strl. § 276a) er som nemnd svært vag. Dette talar mot tilstrekkeleg klarleik. Andenæs eksemplifiserer ordlyden «utilbørleg Optræden» jf. strl. § 325 nr.3 som ein type vurderingsprega straffebod som ikkje harmonerer så godt med den tanke som er uttrykt i Grl. § 96.¹⁶⁶ Dette fordi lova overlèt mykje skjønn til domstolane og såleis minkar borgarane si rettsvisse. På denne bakgrunn må tilsvarande utgangspunkt gjelde det vurderingsprega uttrykket «utilbørleg fordel» jf. strl. § 276a).

¹⁶⁴ Strandbakken (JV-2004-166) s. 198, Dalseide (2008) punkt 1.1.2

¹⁶⁵ Aall (2007) s. 109

¹⁶⁶ Andenæs (2004) s.122.

Men, i likskap med konvensjonen, godtek også grunnlova § 96 rettslege standardar av omsyn til reglane sin effektivitet. I Mykledommen¹⁶⁷ avviste mellom anna Høgsterett at ordlyden «utuktig skrift» var i strid med Grl. § 96. Hertil kjem at «utilbørlig» er nytta i mange andre straffebod, til dømes strl. §§ 97(1), 105, 249 nr.2, 308(1) nr.2, 350(1).

Andenæs seier at ein generalklausul som retta seg mot «utilbørlig eller samfunnsskadeleg åtferd» ville vore i strid med Grunnlova.¹⁶⁸ Ordlyden i § 276a) er langt mindre generell enn dette grunna tilknyttta vilkår som «fordel i anledning av stilling, verv eller oppdrag». Dette gjev borgarane ei større rettsvisse enn Andenæs sitt dømme.

Avklaringar i forarbeid og rettspraksis bidreg også til å klargjere ordlyden i straffebodet.¹⁶⁹ Som sagt vil særleg forarbeida og ein del underrettspraksis vere avhjelpande på den avgrensa klarleiken i strl. § 276a).

Etter dette kan eg ikkje sjå at ordlyden strl. § 276a) er i strid med Grl. § 96, med mindre straffebodet kunne vore utforma på ein klarare måte.

Departementet meiner straffebodet tilfredsstillar krava til klarleik og rettsvisse. Dei peikar på at ein meir detaljert strafferegulering ikkje nødvendigvis er ein fordel for borgarane, i tillegg til at «faren er stor for at ein mer detaljert formulering ikkje vil fange opp alle de tilfeller man ønsker å ramme gjennom forslaget».¹⁷⁰

Sistnemnte argument støttast av at fordelsoverføringar kan førekomme i så mange forskjellige situasjonar og former av fordelar, at det er vanskeleg å lovregulere ei opprekning av alle straffbare tilfelle. Ei opprekning vil såleis gjere det enkelt å omgå forbodet. Korrupsjonsfenomenet er såleis mindre eigna for kasuistisk lovregulering.

At straffebodet skal verne om vide samfunnsinteresser tilseier spesielt at slike omgåingar ikkje bør førekomme. Vidare er det spesielt viktig at normer som har som føremål å oppretthalde tillit som strl. § 276a) er dynamiske og svarar til utviklinga i

¹⁶⁷ Rt-1958-479

¹⁶⁸ Andenæs (2004) s. 123

¹⁶⁹ Andenæs (2004) s. 116

¹⁷⁰ Prp.78 s.35

slekta normer til ei kvar tid.¹⁷¹ Karakteren av omsyna bak straffebodet tilseier såleis at ein rettsleg standard er velegna som reguleringsmetode.

Eg vil likevel hevde at regelen kunne gjerast klarare ved å presisere at fordelene må vere gjeven «i anledning» *mottakar* sitt tilsetjingsforhold. Slik vil ein klargjere at generell misbruk av stilling til å gje fordelar til privatpersonar ikkje omfattast av regelen. Når ein i daglegtalet nyttar omgrepet korrupsjon også om slikt misbruk, aukar risikoen for samanblanding med det strafferettslege omgrepet. At tingretten i Au-pair saka oversåg denne presiseringa støttar dette. Dessutan kunne § 276a) stilt opp moment som vektleggast i heilskapsvurderinga for å auke rettsvissa, særleg ovanfor rettsbrukarar utan juridisk bakgrunn. På tross av dette meiner eg at presiseringa i forarbeida og litteraturen medfører at klarleikskravet til strl. § 276a) er tilfredsstillt.

Konklusjonen er at straffelova § 276a) ikkje krenkjer legalitetsprinsippet.

¹⁷¹ Dalseide (2008) punkt 1.1.3

5 Konklusjonar

Under introduksjonen punkt 1.2 viser eg til at korrupsjon i den norske straffeloven ifølgje Transparency International grovt sagt handlar om smørjing og bestikkingar, og at umoralsk åtferd og kameraderi allment er oppfatta ikkje å utgjere brotsverk etter straffelova § 276a). Eg vil først sjå på kva konklusjonar i avhandlinga som stettar desse fråsegna, og om fråsegna bør nyanserast.

Sentral er konklusjonen i avhandlinga om den utilbørlege fordelten må knytast til *mottakaren* sitt tilsetjingsforhold for å fullbyrde brotsverk etter § 276a). Med dette utelet straffebodet misbruk av makt som tilgodeser privatpersonar. Dette kan vere årsaken til oppfatninga om at rein umoralsk åtferd og kameraderi fell utanfor verkeområdet til regelen. Samstundes er det viktig å presisere at fordelar til privatpersonar kan vere del av eit korrupsjonstilfelle, der den aktive parten i førekant har motteke ein utilbørleg fordel. Det er dessutan noko misvisande å seie at kameraderi fell utanfor verkeområdet til regelen, idet korrupsjon ofte er tufta på kameratskap.

Avgjerande for om årsakssamanheng mellom fordelten er gjeven i anledning mottakar sitt tilsetjingsforhold, er etter min konklusjon at tilhøvet framstår for omverda som eigna til å påverke mottakaren i tilsetjingsforholdet. Samstundes ser vi at motivet om påverknad i tilsetjingshøvet har innverknad på vurderinga av årsakssamanheng. Motiv et om påverknad er også sentralt i utilbørlegvurderinga. Eg har med utgangspunkt i rettspraksis inndelt motiva i avtalte fordelar, strategisk posisjonering og tilfelle utan påviseleg motiv. Dei to første kategoriane gjeld klare tilfelle av bestikkingar og smørjing. Smørjing vil også liggje føre i tilfelle utan påviseleg motiv der fordelten etter omstenda var eigna til å påverke mottakaren. Der heller ikkje omstenda tilseier påverknad, har Høgsterett slått fast ein presumpsjon mot at tilfellet rammast av korrupsjonsreglane.

Sistnemnte stettar at smørjing og bestikkingar er kjerneområdet for straffelova § 276a). Samstundes opnast det for straff sjølv om påverknadselementet er fråverande. Eit tenkt eksempel er der ein politimann mottar ei stor gåve fordi han redda livet til ein person. Straff i slike tilfelle vil avhenge av kva vekt ein tillegg tillitsomsynet og om andre moment er oppfylte. Samla konkluderer eg med at motiv om og graden av risiko for

påverknad av mottakaren i tilsetjingsforholdet gjennomsyrrer grensa for fullbyrda brotsverk etter § 276a).

Når det gjeld vurderinga av kva som utgjer ein «utilbørleg fordel», vil hovudmomenta vere ytinga sin art og verdi, partane si stilling og posisjon og føremålet bak fordelene. Dei største gråsonene ligg der fordelene har verdi på mellom nokre hundre og nokre tusen kroner. Rettspraksis ymtar om ein lågare terskel for kva verdiar som aksepterast enn før. Fordelen må i gråsonene særleg vurderast i lys av andre moment. Det er lågare terskel for fullbyrda brotsverk i offentleg sektor enn det private, men det er vanskeleg å fastslå meir presist kor streng norm som stillast til offentleg sektor.

Ein kan ikkje fastleggje klare grenser for kva fordelar som rammast som «utilbørleg». Ved å sjå alle momenta samla, vil ein likevel stort sett kunne vurdere om situasjonen gjer fordelene klart kritikkverdige. I gråsonene mellom lovleg og ulovleg kundepleie oppstår det gjerne tvil. Det er konkludert med at fagleg innhald er naudsynt for å forsvare reiser. Det kan vere vanskeleg å vurdere i enkelttilfelle om grada av fagleg innhald er tilstrekkeleg. Slik tvil er ofte løyst i praksis ved at deltakarane berer eigne kostnader, eventuelt avslår tilbodet.

Under punkt 4 konkluderer eg med at straffelova § 276a) ikkje krenkjer EMK artikkel 7 eller legalitetsprinsippet. Eg vil likevel rette kritikk mot utforminga av strl. § 276a). Det kunne enkelt vert presisert i ordlyden at fordelene må vere gitt «i anledning» *mottakaren* sitt tilsetjingsforhold. Straffebodet kunne også med fordel ha rekna opp sentrale moment i utilbørlegvurderinga, av omsyn til rettsbrukarar utan juridisk kompetanse. Samla ville dette auka rettsvissa om kva som utgjer fullbyrda brotsverk etter straffelova § 276a).

6 Kjelderegister

6.1 Lov og forskrift

NL-5-1-2	Kong Christian Den Femtis Norske Lov 15.april 1687, Femte Bog, 2 art.
Grunnlova (Grl.)	Kongeriget Norges Grundlov, given i Rigsforsamlingen paa Eidsvold den 17de Mai 1814
Straffelova (Strl.)	Lov av 22 mai. 1902 Nr.10. Almindelig borgerlig Straffelov
Skattelova (skatteloven 1911)	Lov av 18. august 1911 nr.8 (OPPHEVA) Lov om skatt av formue og inntekt
Avtalelova (avtl.)	Lov av 31 mai. 1918 Nr. 4. Lov om avslutning av avtaler, om fuldmagt og om ugyldige viljeserklæringer
Skadeerstatningslova (skl.)	Lov av 13. juni 1969 nr.26 Lov om skadeserstatning
Tenestemannslova (tjml.)	Lov av 04. mars 1983 nr.3 Lov om statens tjenestemenn mm.
Menneskerettslova (mnskrl.) (EMK)	Lov av 21.mai 1999 nr.30 Lov om styrking av menneskerettighetenes stilling i norsk rett
Lov om offentlige anskaffelser (offanskl.)	Lov av 16. juli 1999 nr.69 Lov om offentlige anskaffelser
Arbeidsmiljølova (aml.)	Lov av 17. juni 2005 nr. 62 Lov om arbeidsmiljø, arbeidstid og stillingsvern mv.
Forskrift om offentlige anskaffelser	Forskrift av 07. april 2006 nr.402 Forskrift om offentlige anskaffelser
Markedsføringslova (mfl.)	Lov av 09. januar 2009 nr. 02. Lov om kontroll med markedsføring og avtalevilkår mv.

6.2 Konvensjonar

OECD konvensjonen	OECD konvensjon om motarbeidelse av bestikkelse av utenlandske tjenestemenn i internasjonale forretningsforhold av 21. november 1997
Europarådskonvensjonen	Europarådets strafferettslige konvensjon om korrupsjon av 27. januar 1999 (ETS nr. 173)
Europarådet sin sivilrettslige konvensjon mot korrupsjon	Europarådets sivilrettslige konvensjon mot korrupsjon av 14. november 1999 (ETS nr. 174)
FN konvensjonen mot korrupsjon (UNCAC)	FN-konvensjonen mot korrupsjon av av 31. oktober 2003

6.3 Forarbeid

NOU 2002: 22	Ein alminneleg straffebestemmelse mot korrupsjon
Ot.prp.nr.78 (2002-2003)	Om lov om endringar i straffeloven mv. (straffebud mot korrupsjon)
Innst.O.nr.105 (2002-2003)	Innstilling frå justiskomiteen om lov om endringer i straffeloven mv. (straffebud mot korrupsjon)
Ot.prp.nr.84 (2005-2006)	Om lov om endringar i arbeidsmiljølova (varsling)
Innst.S.nr.41 (2007-2008)	Innstilling frå justiskomiteen om samtykke til ratifikasjon av Europarådet sin sivilrettslige konvensjon om korrupsjon av 4. november 1999

6.4 Rettspraksis

6.4.1 Høgsterett

«Mykledommen»	Dom av 09. mai 1958 Rt-1958-479
«Motorvogndommen»	Dom av 22. desember 1987 Rt-1987-1543
«Undervisningsbygg»	Dom av 04. november 2008 Rt-2008-1473

«Fesildommen»	Dom av 04. februar 2009 Rt-2009-130
«Undervisningsbygg»	Dom av 04. november 2011 Rt-2008-1473
«Namsmann-saka»	Dom av 17. november 2011 Rt-2011-1495
«Prosjektleder i undervisningsbygg»	Dom av 14. februar 2012 Rt-2012-243

6.4.2 Lagmannsrett

Agder lagmannsrett «Agder energi»	Dom av 05.mars 2008 LA-2007-149713
Borgarting lagmannsrett «Likningsfunksjonærdommen»	Dom av 13. oktober 2008 LB-2008-28434
Hålogaland lagmannsrett «Statoil-melkøya»	Dom av 03. mars 2009 LH-2008-180085
Gulating lagmannsrett «M-I-SWACO»	Dom av 15. september 2009 LG-2008-196041
Frostating lagmannsrett «Screen communications»	Dom av 30. september 2009 LF-2010-14205
Eidsivating lagmannsrett «Vatnverksaka»	Dom av 28. mai 2010 LE-2008-46619
Borgarting lagmannsrett «Plan og bygningsetat»	Dom av 01. juni 2010 LB-2009-164828
Borgarting lagmannsrett «Bærum kommune»	Dom av 18. mars 2011 LB-2009-48300-2
Gulating lagmannsrett «Nor Lines»	Dom av 27. oktober 2011 LG-2011-40898
Borgarting lagmannsrett «Norconsult»	15. oktober 2012 LB-2011-148517 (ikkje rettskraftig)

6.4.3 Tingrett

Oslo Tingrett «Ullevål-saka»	Dom av 27. oktober 2006 TOSLO-2005-134006
Trondheim tingrett «Sintef»	Dom av 30. mai 2007 TTRON-2007-28521
Nord-Troms tingrett «Rus og psykiatrieining-saka»	Dom av 02. mai 2008 TNHER-2008-1143
Sør-Trøndelag tingrett «Au-pair saka»	Dom av 29. mai 2008 TSTRO-2008-38700
Oslo tingrett «Siemenssaka»	Dom av 03. juli 2009 TOSLO-2008-171401
Lister tingrett «Vegprosjekt i Lister»	Dom av 10. september 2010 Tlist-2010-65724
Romsdal tingrett «Arbeidsklede frå Kina»	Dom av 13. mai 2011 TROMS-2011-51247
Nord-Troms tingrett «Store norske-saka»	Dom av 03. oktober 2011 TNHER-2011-148107
Stavanger tingrett «Statoil konsulent-saka»	Dom av 01. november 2011 TSTAV-2011-107166
Rana tingrett «Rådmann-saka»	Dom av 27. juni 2012 TRANA-2012-65267
Oslo tingrett «Unibuss»	Dom av 30. oktober 2012 Toslo-2012-136639

6.4.4 Praksis frå Den Europeiske menneskerettsdomstol

Sunday Times (EMD-1974-6538)	Søkenr. 6538/74, dom av 26. april 1979 Sunday Times v. The United Kingdom
Malone (EMD-1979-8691)	Søkenr. 8691/79, dom av 2. august 1984 Malone v. The United Kingdom
Kokkanis (EMD-1988-14307)	søkenr. 14307/88, dom av 25. mai 1993 Kokkanis v. Greece
S.W. (EMD-1992-20166)	Søkenr. 20166/92, dom av 22. november 1995 S.W v. The United Kingdom

6.5 Litteratur

6.5.1 Offentlege dokument

St.mld.nr.10 (2008-2009)

Næringslivets samfunnsansvar i en global økonomi,
Tilråding frå Utenriksdepartementet av 23. januar
2009. Tilgjengelig på regjeringen.no

Meld.st.7 (2010-2011)

«*Kampen mot organisert kriminalitet – en felles
innsats*» Tilråding frå Justis- og politidepartementet
av 17. desember 2010. Tilgjengelig på regjeringen.no

6.5.2 Bøker

Kjerschow (1930)

Kjerschow, Peder: *Almindelig borgerlig straffelov*,
Oslo, 1930

Hov (1998)

Hov, Jo: *Avtaleslutning og ugyldighet*, Oslo, 1998

Thrap-Meyer (2001)

Thrap-Meyer, Robin: *Korrupsjon og straffelov – en
studie av straffeloven §§ 112 og 113*, Oslo, 2001

Andenæs (2004)

Andenæs, Johs.: *Alminnelig strafferett*, 5. utgave,
Oslo, 2004

Giertsen (2006)

Giertsen, Johan: *Avtaler*, Bergen, 2006

Aall (2007)

Aall, Jørgen: *Rettsstat og menneskerettigheter*,
2. utgave, Bergen, 2007

Stordrange (2007)

Stordrange, Bjørn: *Forbrytelser mot vårt
økonomiske system*, 2. utgave, Bergen, 2007

Andenæs (2008)

Andenæs, Johs.: *Spesiell strafferett*, Oslo, 2008

Gedde-Dahl, Hafstad, Magnussen (2008)

Gedde-Dahl, Siri, Hafstad, Anne og Magnussen, Alf
Endre: *Korrupsjon i Norge*, Oslo, 2008

Renå (2012)

Renå, Helge: *Norges Integritetssystem – ikke helt
perfekt?* Transparency International Norge, Oslo,
2012

6.5.3 Artiklar

- Joly (2004) Joly, Eva: *Kampen mot korrupsjon – fra utopi til virkelighet*, Kristofer Lehmkuhl Forelesning (2004). Tilgjengelig på internett; https://www.nhh.no/Files/Filer/Om%20NHH/lehmkuhlf/orelesning/lehmkuhl_2004.pdf (sist lest 26.05.2013)
- Strandbakken (JV-2004-166) Strandbakken, Asbjørn: *Grunnloven § 96*, Jussens venner, nr. 03-04 2004, s. 166-215
- Stoltenberg og Schea (TFS 2007-1) Stoltenberg, Lars og Schea, Trond Eirik: *Fra økokrim: Straffebudene mot korrupsjon – utilbørighetsvilkåret*, Tidsskrift for strafferett nr.1 2007, s.75-82
- Ellingsen og Rocher (PØF nr.4.2011) Roscher, Elisabeth og Ellingsen, Einar C: *Internasjonale håndhevingstrender – krav til selskapenes tiltak mot korrupsjon*, Praktisk økonomi og finans nr.4.2011, s.21-26
- Kvalnes og Iyer (PØF nr.4 2011) Kvalnes, Øyvind, Iyer, Nigel Krishna: *Skal vi danse? Om korrupsjon og moralsk ansvar*, Praktisk økonomi og finans nr.4.2011, side 35-43
- Kvamme (PØF nr.4.2011) Kvamme, Helge: *Gransking av korrupsjonssaker – Hvordan skjules korrupsjonen i regnskapene?*, Praktisk økonomi og finans nr.4.2011, s.12-21
- Søreide (PØF nr.4.2011) Søreide, Tina: *Utfordringer knyttet til korrupsjon i internasjonal handel og investeringer*, Praktisk økonomi og finans nr.4.2011, s. 26-35
- Tharaldset (TFS 2011-1) Tharaldset, Birthe: *Selvregulering som sivil- og strafferettslig reguleringsmekanisme for forebygging og avdekking av korrupsjon*, Tidsskrift for strafferett nr.1 2011, s.6-43

6.6 Diverse

6.6.1 Rapportar, undersøkingar og utgreiingar

- Justis og beredskapsdepartementet , *Sluttrapport Antikorrupsjons og hvitvaskingsprosjektet* (2005) <http://www.regjeringen.no/nb/dep/id/dok/rapporter/planer/rapporter/2005/sluttrapport-fra-joly-prosjektet.html?id=106398> (sist lest 26.05.2013)
Publisert 29.08.2005

- NHO (2006) Næringslivets hovedorganisasjon: *...over streken?*,
Publisert 22. mars 2006,
Tilgjengelig på NHO.no:
http://www.nho.no/getfile.php/filer%20og%20vedlegg/over_streken_web.pdf
- Dalseide(2008) Dalseide, Nils: *Koreferat til emnet: Besticning, mutbrott och korruption – var skall gränsen gå?*, Det 38. Nordiske Juristmøde i København 21.-23. august 2008
- Økokrim [http://www.okokrim.no/www/okokrim/resource.nsf/files/www93sfde-trusselvurdering_2013-20141/\\$FILE/trusselvurdering_2013-20141.pdf](http://www.okokrim.no/www/okokrim/resource.nsf/files/www93sfde-trusselvurdering_2013-20141/$FILE/trusselvurdering_2013-20141.pdf)
Trusselvurdering - økonomisk kriminalitet og miljøkriminalitet 2013-2014
(sist lest 26.05.2013)
- Næringslivets sikkerhetsråd <http://www.nsr-org.no/getfile.php/Dokumenter/NSR%20publikasjoner/Krisino/KRISINO%20til%20nedlasting.pdf>
Krisino 2011
(sist lest 26.05.2013)
- Price Waterhouse Coopers http://www.emagin.se/v5/viewer/files/viewer_s.aspx?gKey=50c79vz7&glnitPage=1
Global Economic Crime Survey 2011
(sist lest 26.05.2013)
- Ernst & Young [http://www.ey.com/Publication/vwLUAssets/Norway_Global_Fraud_Survey_2012/\\$FILE/Norway%2012th%20Global%20Fraud%20Survey%202012.pdf](http://www.ey.com/Publication/vwLUAssets/Norway_Global_Fraud_Survey_2012/$FILE/Norway%2012th%20Global%20Fraud%20Survey%202012.pdf)
Growing beyond; A place for integrity, 12th Global Fraud Survey findings for Norway (2012)
(sist lest 26.05.2013)
- ## 6.6.2 Internettsteder
- Bokmålsordboka & Nynorskordboka, UIO og Språkrådet <http://www.nob-ordbok.uio.no/perl/ordbok.cgi?OPP=&bokmaal=+&ordbok=bokmaal>
- Økokrim <http://www.okokrim.no/definisjon-okonomisk-kriminalitet> (sist lest 26. mai 2013)
- FN «til kamp mot korrupsjon» <http://www.fn.no/Aktuelt/Nyheter/Nyhetsarkiv/OEkonomi-og-handel/Til-kamp-mot-korrupsjon>
(sist lest 26.mai 2013)
- FN sine heimesider om FN sin konvensjon mot korrupsjon <http://www.unodc.org/unodc/en/treaties/CAC/signatories.html> (sist lest 26.mai 2013)

6.6.3 Media

- «Frykter mer korrupsjon»
Publisert i Dagens Næringsliv 09. januar 2013
<http://www.dn.no/forsiden/naringsliv/article2539370.ece> (sist lest 26. mai 2013)
- «Reagerer på kritikk av etikk»
Publisert på NRK.no 08. mars 2013
http://www.nrk.no/nyheter/distrikt/nrk_trondelag/1.10941462 (sist lest 26. mai 2013)
- «Ekspert: - svakere korrupsjonskontroll nå enn før»
Publisert på NRK.no 03.01.2013
<http://www.nrk.no/nyheter/norge/1.10859837>
(sist lest 26.mai 2013)
- «Korrupsjon kan og må forebygges»
Publisert på frifagbevegelse.no 08.01.2013
<http://www.frifagbevegelse.no/arbeidslivet/article6430575.ece>
(sist lest 26.mai 2013)